



UiT Noregs arktiske universitet

HSL – institutt for barnevern og sosialt arbeid

## **Arbeidsinkludering for personar med funksjonsnedsetjingar**

Ein diskursanalyse av avisartiklar si framstilling av funksjonshemming og arbeid

Solveig Høyland

Masteroppgåve i sosialt arbeid

SSO-3900

Mai 2023





# Innholdsliste

1	Innleiing .....	1
1.1	Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2	Kort forklart om lange linjer om arbeid.....	1
1.3	Fokus og føremål .....	3
1.4	Avgrensing.....	4
1.5	Forklaring av omgrep.....	5
1.6	Problemformulering og forskings spørsmål.....	6
1.7	Introduksjon til diskursanalyse .....	6
1.8	Kapitteloversikt.....	7
2	Teoretisk grunnlag .....	9
2.1	Funksjonshemming.....	9
2.1.1	Utviklingshemming.....	11
2.1.2	Forståing av arbeidsevne.....	12
2.2	Diskurs i tilnærminga av funksjonshemming .....	12
2.2.1	Fordommar og stigma.....	13
2.2.2	Normalitet og avvik .....	15
2.3	Media – eit samfunnsoppdrag.....	17
2.3.1	Makt i media .....	17
2.4	Etikk.....	19
2.4.1	Menneskeverd og menneskesyn .....	20
3	Design og metode .....	22
3.1	Eit empirisk, kvalitativt studium.....	22
3.2	Diskursomgrepet.....	22
3.3	Diskursanalyse .....	25
3.3.1	Kritisk diskursanalyse.....	27
3.4	Hermeneutisk metodologi.....	29

3.4.1	Tolking, fortolking og førforståing .....	29
3.5	Diskursetikk .....	31
3.6	Presentasjon av artiklar .....	33
4	Resultat og funn .....	39
4.1	Oss og dei? .....	39
4.1.1	Forventningar på arbeidsplassen .....	39
4.1.2	Funksjonsnedsetjing og intelligens .....	40
4.1.3	Eksotisering .....	42
4.2	Å falle mellom stolane .....	43
4.2.1	Generalisering – er personar som har funksjonsnedsetjingar like? .....	45
4.3	Funksjonsnedsetjing som uutnytta ressurs .....	46
4.3.1	Funksjonsnedsetjing som tilleggskompetanse i arbeidslivet .....	47
5	Drøfting .....	49
5.1	Diskurs i media .....	49
5.1.1	Ein direkte appell til personlege erfaringar .....	49
5.1.2	Etisk medvit – ansvar og makt .....	52
5.2	Diskriminering og arbeid .....	55
5.2.1	Å løfte det menneskelege mangfaldet .....	57
6	Avsluttande refleksjonar .....	59
7	Referanseliste .....	61



## Samandrag

Dette er ein kort introduksjon til masteroppgåva. Oppgåva er eit empirisk, kvalitativt litteraturstudium, som bygger på diskursanalytisk metode. Føremålet er å avdekke korleis personar med funksjonsnedsetjingar blir framstilt i media, ved å studere korleis makt i språk kan komme til uttrykk. Sjølv analysen er gjort av sju nyheitsartiklar frå ulike aviser, og er blitt sett i samanheng med teori forankra i bøker, forskingsartiklar og offentlege dokument.

Personar som har funksjonsnedsetjingar er ei stor og samansett gruppe. Sjølv etter mange år med satsing for å få fleire i arbeid, er det urovekkande å lese at det framleis er eit mindretal som er i jobb. Normalitet og avvik, og låge krav og forventingar, er viktige omgrepsspar som er synlege i avisartiklane, saman med omgrep som eksotisering, generalisering og funksjonsnedsetjing som tilleggskompetanse i arbeidslivet. Etisk medvit, menneskesyn og menneskeverd spelar ei sentral rolle i forståinga av korleis fordommar, haldningar og diskriminerande praksisar viser seg. Problemstilling og forskings spørsmål er forsøkt svart med kritisk refleksjon som tyngdepunkt gjennom heile masteroppgåva.

## Summary

This is a brief introduction of the master thesis. The thesis is a qualitative literature study, with an empirical basis, build on the method called discourse analysis. The aim is to uncover how people with disabilities are portrayed in media, by studying language as a tool to express power. Seven articles from selected newspapers have been scrutinized, and have been put into context with theory, grounded in scholarly books, research articles and public available documents.

People with disabilities are a large and complex group. Even after many years of effort to increase employment, it is concerning to read that only a minority is included in the labour market. Deviation and normality and low demands and expectations, are important pairs of terms apparent in the news articles, as well as the words exoticization, generalization, and disability as a resource, as a contribution at work. Ethical awareness and human value play a central role in the understanding of how prejudices, attitudes and discriminatory approaches are expressed. The case and research question have been attempted answered with focus on critical reflection in the master thesis, from start to finish.

# Forord

Som siste eksamen på masterprogrammet i sosialt arbeid, sit eg att med ei oppleving av å ha fått tatt del i både spennande og utfordrande læring. Det har vore fint å vore del av eit miljø, der medstudentar og forelesarar har tilført ny refleksjon, kunnskap og innsikt. Takk til rettleiaren min, Oddbjørn Stenberg, som har kome med tips til litteratur. Han har vore raus med tida si, og gitt gode tilbakemeldingar og innspel gjennom heile løpet.

Vegen frå start til slutt har vore innhaldsrik: studietida har blitt brukt både i Oslo, Bergen, og no, på Stord, heimstaden min. Ved å velje eit nettbasert studium, har gode vener i Oslo og Bergen spelt ei viktig rolle. Dei tålmodige foreldra mine har blitt involvert gjennom heile skriveprosessen - oppmuntring og ”pushing” har hatt mykje å seie for å få skrivinga i hamn. Der har også storebror hatt ein finger med i spelet, ved å hjelpe med å setje rammene for oppgåva. Venninner og tanter har lånt bøker for meg gjennom andre utdanningsinstitusjonar. Det har blitt gode treffpunkt saman med kjekke kollegaar – over mange kaffikoppar. Den flotte sjefen min har vist stor forståing for arbeidet, og gitt meg fridom til å kombinere jobb og masterskriving på ein god måte – tusen takk!

Sist, men ikkje minst, så er det studie- og hybelvenninna mi som er grunnen til at eg søkte dette masterløpet. Signatursetninga ”gje meg styrke” har eg absolutt kjent på: ho har gått tett ved sida mi.

Eg håpar lesarar får glede av oppgåva. God lesing!

Solveig, 13. mai 2023

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Som student ved masterprogrammet i sosialt arbeid ved UiT, Norges arktiske universitet, opplever eg å ha fått tatt del i innhaldsrik og nyttig læring. Fag og emne har utfordra og utvida perspektivet kring sosiale forhold, og gitt større kjennskap til kompleksiteten i menneskeleg interaksjon og samfunnsmessige utfordringar på ulike nivå. Individ og samfunn heng uløyselig saman. Det har vore spennande å lære meir om mekanismar som påverkar samspelet mellom menneske og miljøet dei er ein del av.

I førebuinga til masteroppgåva tenkte eg gjennom kva eg hadde interesse av å fordjupe meg i. Arbeidet med prosjektskissa har teke tid, då det har vore utfordrande å lande ein god problemstilling. I tillegg til å skrive ned aktuelle tema, snudde eg utveljingsprosessen på hovudet: å velje vekk tema som eg *ikkje* hadde lyst å skrive om. Å ekskludere tema som ikkje motiverer har vore den viktigaste og mest effektive måten for å setje rammene for masteroppgåva.

Val av problemformulering ut frå interessefelt har spelt ei sentral rolle i å få masteroppgåva i hamn. Grunnleggande førehandskunnskapar har også vore utslagsgjevande for å gjere skriveprosessen og analysen av forskingsmaterialet overkommeleg. Som det avsluttande arbeidet på masterprogrammet i sosialt arbeid, har lærelyst og innsikt i egne evner - enkelt og greitt med bakgrunn i egne erfaringar, interesser, og faktorar som motiverer - gjort at eg bestemte meg for å utforske temaet som handlar om *arbeidsinkludering for personar med funksjonsnedsetjingar*.

## 1.2 Kort forklart om lange linjer om arbeid

Menneske har i alle tider hatt eit forhold til arbeid som fenomen, men forståinga av arbeid har opp gjennom historia blitt tildelt ulikt innhald: slavearbeid, betalt og inntekstgjevande arbeid, ufritt og tvungent arbeid eller pliktarbeid (til ære for Gud). I seinare tider blei arbeid sett på som ein dyd og noko ein utførte i eigeninteresse, då fokuset etterkvart dreidde seg om arbeidet sin eigenverdi for å dekke individuelle ønske og behov. Immanuel Kant vektlegg at arbeid er eit grunnleggande menneskeleg behov, som gir livet innhald på måtar som ikkje kan tilførast



ved andre høve (Hernes, 2010, s. 15). Dette synet svarar i stor grad til ein vanleg oppfatning av arbeid i dag, og gir assosiasjonar til stikkord som inntektssikring, meiningsskaping, nettverksbygging, fellesskap og nytteverdi. I dagens samfunn er arbeid både eit gode og noko som er naudsynt. Ein må vere i jobb for å sørge for seg sjølv og å sikre gode livsvilkår (Glemmestad & Kleppe, 2019, s. 19). Å vere i arbeid gir også høve til å fordjupe seg i interessene sine og å auke eige kunnskapsnivå.

Arbeid spelar ei viktig rolle i verdiskapinga i velferdssamfunnet, som gir utslag i fordeling av velferdstenester, som har samanheng med ei rekke av dimensjonar – helse, utdanning/skulegang, infrastruktur osv. Realiseringa av å oppnå høg grad av velstand, fordrar effektiv og god ressursutnytting – alle hender må takast i bruk. Høg oppslutnad om ein fungerande arbeidsmarknad vil derfor vere eit prioritert politisk mål. Arbeidslinja, som inneber målet om å få alle aktivitet – med eit ideal om eit varig inntektsgjevande ordinært arbeid – er eit tydeleg døme på tanken om å jobbe for andre sitt beste innan arbeids- og velferdssektoren (Eide, 2018, s. 44).

Å vere i arbeid er for mange ein viktig del av livet. Å ha ein jobb er med og fortel kven ein er, og kan potensielt ha mykje å seie for den einskilde sin identitetsbygging og sjølvbilete. Kva for arbeid ein har, kan påverke korleis ein blir oppfatta og forstått av andre. Ei bakside ved å inkludere arbeid i dialogar og sosial samhandling, er dersom nokon *ikkje* har eit arbeid å gå til. Utanforskap er eit omgrep som med jamne mellomrom er aktuell i samfunnsdebattar, som refererer til manglande sosial tilknytning til samfunnet. Å stå utanfor arbeidslivet kan føre til låg deltaking, også på andre samfunnsarenaer (Glemmestad & Kleppe, 2019, s. 27).

Sjølv med mange års satsing for eit meir inkluderande arbeidsliv, er det ei nasjonal utfordring at ein relativt stor del av befolkninga i yrkesaktiv alder er utan arbeid (Frøyland & Spjelkavik, 2014, s. 21). I følge Statistisk sentralbyrå (SSB, 2017, arbeid og utdanning), blir markørane for kven som er i yrkesaktiv alder sett mellom 16 og 66 år. Faktorar, som auka levealder, globalisering, låge fødselstal, ulikskap og samfunnsutfordringar osv. er med og utfordrar grensene for kven og kor mange som er yrkesaktive, og må inkluderast i forsøket på å forstå biletet over kvifor nokon ikkje er sysselsatt, eller manglar tilknytning til arbeidsmarknaden generelt.

Å delta i arbeidslivet er for mange inngangsbilletten for å bli – eller for å oppleve seg sjølve – som fullverdige borgarar. Utanforskap er eit viktig omgrep i diskusjonen om årsaker til at nokon hamnar utanfor fellesskapet. Å vere avskoren frå arbeidsmarknaden har ofte samanheng med vurdering av arbeidsevne. I dei seinare åra har det blitt større oppslutnad om at arbeidsevne ikkje kan vurderast ut frå trekk eller eigenskapar hos individet *åleine*, men som eit dynamisk forhold mellom den einskilde sine kvalifikasjonar og arbeidsoppgåver, og arbeidsmiljøet som han eller ho er ein del av (Glemmestad & Kleppe, 2019, s. 303). Fleire grupper har til tider problem med å få innpass i arbeidslivet. I eit samfunnsperspektiv kan dei som ikkje har ein jobb, vere ei uutnytta arbeidskraft som det er mogleg å mobilisere. Nokre gonger er det ubalanse mellom kva menneske vil, kva føresetnader dei har, og dei sjansane dei faktisk får (Glemmestad & Kleppe, 2019, s. 43).

Kva for inngang ein brukar for å kartlegge deltaking i arbeidslivet, illustrerer at temaet famnar eit breitt spekter av tilnærmingar kring hindringar for å oppnå arbeidsinkludering. Temaet kan potensielt bli både stort og uoversiktleg, då det er vanskeleg å avdekke alle faktorar som påverkar og dannar det store biletet. På den andre sida er det kanskje eit umogleg prosjekt å både *faktisk* oppnå idealet om full arbeidsinkludering, men også å forstå dei eksisterande mekanismane som dreg og skubbar problematikken i alle ledd og retningar. Eit samfunn som er i konstant endring, vitnar om at tematikken inneheld stor grad av kompleksitet.

### **1.3 Fokus og føremål**

Arbeidsinkludering rommar med andre ord mykje. Temaet inneheld eit stort spekter av faktorar. Då er det naudsynt å konkretisere og avgrense. Ved å gjere eit spesifikt utval - med mål om å setje fokus på prioriterte område - er det mogleg å teikne eit litt meir nyansert bilete av delar av utfordringa.

*Arbeidsinkludering for personar med funksjonsnedsetjingar* er eitt steg i retninga av ei spissing, og har status av høg aktualitet. Ulike medieoppslag skildrar personar som har funksjonsnedsetjingar sine historier. Dei fortel om diskriminerande praksisar på ulike arenaer i samfunnet. Ein har høyrte om personar i rullestol som ikkje får vere med på bussen, offentlege bygg som ikkje er universelt utforma, og personar som ikkje får seg arbeid – alle med årsak i funksjonsnedsetjingar.

Sosialfagleg kompetanse er ein føresetnad for arbeidsinkludering av menneske med ulik grad av støttebehov (Glemmestad & Kleppe, 2019, s. 302). Med bakgrunn i praksis frå eige studieløp og frå forskjellige arbeidssamanhengar, har eg etter kvart ein del erfaring med å vere saman med personar som har funksjonsnedsetjingar. I ulike samhandlingssituasjonar, har det vore interessant å få kjennskap til deira personlege ønske om å ha eit arbeid å gå til. Fellesnemnaren for mange handlar i stor grad om forteljingar om å ville vere til nytte i samfunnet, og å få ei oppleving om at det er bruk for dei. Særleg ein setning, frå ei mor eg kjenner frå eit tidlegare arbeidsforhold, sette i gong ein tankeprosess hos meg. Ho har ei dotter som har Downs syndrom. Bekymringa til mor kan oppsummerast nokolunde slik: ”Eg er uroa for korleis det skal gå med ”Sara” når ho blir eldre, og er ferdig på skulen. Ho er flink til mykje. Nokon må berre sjå potensialet i henne”. Mora sine tankar har vore med å påverke perspektiv og innhald i oppgåva.

Fordommar kan i praksis vise seg som uverdige, nedverdiggjande og krenkande åtferd. I lys av ein diskursanalytisk tilnærming, er fokuset å reflektere over korleis personar som har ein funksjonsnedsetjing, blir framstilt – i ulike arbeidssamanhengar – gjennom media. Kva for vinkling journalistar og andre medieprodusentar teiknar, er med og skapar og påverkar publikum si forståing av historiene som hamnar på trykk. Det er interessant å studere kva for mekanismar som ligg til grunn for korleis personar med funksjonsnedsetjingar blir tolka og forstått. Fordomsfull og stigmatiserande åtferd har samanheng med menneskesyn og etisk medvit. Dette legg føringar for at problemformuleringa blir forsøkt svart med kritisk refleksjon som tyngdepunkt.

## 1.4 Avgrensing

Det må understrekast at offentlege utredningar og stortingsmeldingar ikkje er nytta i stor skala. Det vil seie at statistikk, tal og utgreiing av status om inkludering i arbeidslivet er framtreidande kun i *liten* grad. Det høyrer med til historia at eg *ikkje* er detaljert i skildringa av strukturar i arbeidslivet, ordningar i velferdssamfunnet, og samanhengen mellom desse. Det betyr ikkje at det er fråver av offentlege dokument: når det kjem til rettar, plikter og regelverk i høve arbeid, er det naudsynt å inkludere denne type litteratur for å underbygge viktige poeng. Grunngevinga for vinklinga botnar i at haldingar og medievinkling er vanskelege å

talfeste. Når bruk av diskursanalyse i stor grad handlar om tolking og vurdering av både det openberre, men også der det aktivt må avdekkast skjult meining, har ein reflekterande tilnærming ført til at etisk medvit og menneskeverd har fått ein sentral plass gjennom heile oppgåva.

## **1.5 Forklaring av omgrep**

### **Funksjonshemming, funksjonsnedsetjing og utviklingshemming**

Omgrepet utviklingshemming blir sett i samanheng med funksjonshemming. Ein del av måten å definere utviklingshemming, handlar om at utviklingshemming ofte blir brukt synonymt med funksjonshemming. Det betyr at utgreiinga av omgrepa utviklingshemming, funksjonshemming og funksjonsnedsetjing i fleire tilfelle blir brukt om kvarandre. Grunngevinga botnar i at personar som har ein utviklingshemming, også har ein funksjonsnedsetjing. Når ikkje anna er presisert, blir omgrepa brukt på same måte.

Gjertsen (2022, s. 3) skriv at personar som har ein utviklingshemming, ofte blir sett på som å ha nedsett funksjonsevne, og derfor også nedsett arbeidsevne. Funksjonsnedsetjing blir brukt synonymt med å ha nedsett arbeidsevne. Det må understrekast at det ikkje automatisk må setjast likskapsteikn mellom funksjonsnedsetjing og nedsett arbeidsevne. Grunngevinga i å ikkje nyansere på eit meir detaljert nivå, handlar om at hovudfokuset i oppgåva handlar om tolking, forståing og etisk medvit – handlingar og haldningar i praksis. Vinkling og omfang på oppgåva gjer at det ikkje blir prioritert å dukke djupt ned i ulike forståingsformer.

### **Funksjonsnedsetjing, utviklingshemming og mangfald**

I analysen er omgrepa ”funksjonsnedsettelse”, ”utviklingshemming” og ”mangfold” brukt som søkeord. Grunngevinga for å nytte ulike omgrep, dreier seg om framgangsmåten for å velje avisartiklar: variasjon i omgrep opna for ulike innfallsvinklar til korleis arbeidsinkludering kom til uttrykk i dei valte avisoppslaga.

## 1.6 Problemformulering og forskingsspørsmål

Spørsmåla nedanfor legg føringar for å kunne svare på oppgåva.

### **Problemformulering:**

Korleis blir personar med funksjonsnedsetjingar framstilt i media?

### **Forskingsspørsmål:**

Kva for haldningar blir avdekka når personar med funksjonsnedsetjingar blir framstilt i avisoppslag?

## 1.7 Introduksjon til diskursanalyse

Menneskeleg samhandling føreset utveksling av meningsberande uttrykks- og interaksjonsformer. Meininger blir til gjennom symbol innanfor gitte rammer og kontekstar, og er ordna innanfor eller høyrer til ulike teiknsystem. Profesjonar og profesjonelt arbeid høyrer heime innanfor skriftkulturar. Slik er (skrifts)språket ein uløyselig del av det profesjonelle arbeidet (Måseide, 2008, s. 368). ”Språket og samhandlinga held den sosiale verda saman, og dei språklege kanalane skaper dei sosiale samanhengane” (Duranti, 1997, henta hos Måseide, 2008, s. 368). Diskursomgrepet er relevant i studiet av korleis språk og handlingar blir uttrykt. Diskursar kan bidra til å gi kunnskap og forståing om praksisformer, som er styrande for korleis og kvifor bestemte fenomen blir tillagt mening med utgangspunkt i språket (Moe & Kiik, 2011, s. 117). Sjølv hovudpoenget med diskursanalyse er å analysere korleis mening blir danna i sosiale prosessar. Språket er første kjelda å utforske, då språket har ei viktig oppgåve i å skape mening (Neumann, 2021, s. 35).

Diskursanalyse er forskingsmetoden som blir nytta for å svare på problemformuleringa. Grønmo (2016, s. 142) understrekar at ein kvalitativ innhaldsanalyse av tekstar vil vere ein viktig framgangsmåte ved å ta i bruk diskursanalyse. Forskarar som nyttar diskursanalyse, nyttar sjeldan metodar som intervju eller observasjon, då det er uvanleg å framkalle

datamaterialet sjølv. Vanleg empiri er til dømes analyse av politiske dokument, nyheitsstoff eller reklamemateriell, som har til felles å sjå samanheng mellom språk, makt og ideologi. Den vanlegaste måten å bruke diskursanalyse på, er derfor søke etter eksisterande kjelder som er eigna for analyse, ved å studere ulike typar dokument (Skrede, 2017, s. 21).

Samfunnsvitskapar kan ha innspel av ulike metodar, slik som empirisk kunnskap og teoretisk forståing (Grønmo, 2016, s. 47). I den diskursanalytiske forskinga er det utfordrande å teikne eit skarpt skilje mellom metode og teori. Når me kjenner til desse føresetnadene og vilkåra, får me også ei betre forståing av det me ønskjer å rette søkelyset mot (Neumann, 2021, s. 19). Jørgensen & Philips (1999, s.) tar til orde for at diskursanalyse er ein analyse som i stor grad skal integrere teori og metode. Forfattarane skriv at ”i diskursanalyse er teori og metode altså kædet sammen, og man skal acceptere de grunnleggende filosofiske premisser for at bruke diskursanalyse som metode i empiriske undersøgelser.”

## 1.8 Kapitteloversikt

### **Teoretisk grunnlag**

Teorikapitlet har fire hovudkapittel: funksjonshemming, diskurs i tilnærminga av funksjonshemming, media – eit samfunnsoppdrag, og etikk. Viktige perspektiv i den teoretiske forankringa er korleis funksjonshemmingsdiskursen har endra seg med tida, og kva for sentrale forståingsformer som er gjeldande i dagens samfunn. Fordommar og stigmatiserande praksisar blir forklart, og korleis slike mekanismar er med og legg føringar for ulike forståingsformer. Sidan analysen av litteratur er forankra i avisoppdrag, har media fått ein relativ stor plass i oppgåva. Makt i media og media som samfunnsoppdrag er viktige stikkord for å forstå korleis media er med og påverkar og skapar sanning i språk.

### **Design og metode**

Oppgåva bygger på diskursanalyse. Neumann, Jørgensen og Philips og Skrede er sentrale forfattarar innanfor metoden, og viktige bidragsytarar i kapitlet. Eg ser på diskursomgrepet og

korleis språk og makt heng saman. Forklaring av diskursanalyse har fokus på å få fram at språk er ein sosial konstruksjon, og at eit viktig mål for diskursanalytikarar er å avdekke makt, særleg retta mot minoritetsgrupper i samfunnet. Vidare er kritisk diskursanalyse særleg aktuell for å studere ulikskapar mellom menneske eller fenomen. Omgrepa tolking, fortolking og førforståing blir skildra under delkapitlet med namnet hermeneutisk metodologi. Innanfor denne tilnærminga er Gadamer eit sentralt namn. Gadamer er inkludert når eg forklarar denne vitenskapsteoretiske tradisjonen i korte linjer. På slutten skildrar eg diskursetikk - med Habermas i spissen, som er av betydning i forståinga av likeverd og menneskeverd.

### **Resultat og funn**

I analysen av ulike avisartiklar, kjem fleire diskursar til uttrykk. Stikkord er "oss og dei", forventning og krav, eksotisering, generalisering og funksjonsnedsetjing som uutnytt ressurs.

### **Drøfting**

Eg drøftar korleis ulike diskursar er synlege i media. Diskurs i media er ei vidareføring av delkapitlet i teoridelen: "Media – eit samfunnsoppdrag." Personsentrerte medieoppslag står sentralt, i samanheng med etisk medvit i refleksjonen om korleis media påverkar haldningar og handlingar. Vidare skriv eg om diskriminerande praksisar i høve funksjonshemming og arbeid. Kapitlet blir avslutta med ein diskusjon som handlar om å løfte det menneskelege mangfaldet – å sjå verdien av menneskeleg variasjon.

### **Avsluttande refleksjonar**

På slutten skriv eg kort om hovudtrekk i oppgåva.

## 2 Teoretisk grunnlag

### 2.1 Funksjonshemming

Definisjonen eller forståinga av omgrepet funksjonshemming har variert over tid. Det eksisterer ei rekke døme på dehumaniserande måtar å omtale menneske som har ein funksjonshemming, slik som krøpling, evneveik eller åndssvak (Morken, 2012, s. 72). Personar med funksjonsnedsetjingar har blitt kalla mykje forskjellig: invalid, krøpling, vanfør, idiot. Ytre kjenneteikn på funksjonsnedsetjingar har som konsekvens at det er vanskelege å kamouflere. Ei sjukdomstilnærming til funksjonshemmingsomgrepet bidrar til å tildele folk ulike roller og ulik status (Fossland & Thorsen, 2010, s. 135). Det er med god grunn det er både naudsynt og viktig å vurdere, både kor treffande, men også kva ein eigentleg meiner når ein kallar folk slik eller slik: nokre ord gir uheldige assosiasjonar, og målet med å ha eit kritisk blikk retta mot korleis ein omtalar andre menneske, handlar nettopp om å finne nye ord som gir mindre belastning. ”Krøplingen blir til et menneske med fysisk funksjonshemming, den åndssvake til et menneske med utviklingshemming og den mongoloide til et menneske med Downs syndrom” (Morken, 2012, s. 72).

Omgrepet funksjonshemming blei introdusert i offentlege norske dokument på 1960-talet, med overskrifta: ”Utviklingen av omsorgen for funksjonshemmende.” Målet var å erstatte *handicap*, som verka for statisk og som gav assosiasjonar av å tileigne individ ekstra byrde. Forståinga av funksjonshemming har variert, og særleg parallellane til det engelske språket har vore sterkt omdiskutert (NOU 2001:22, s. 7) I det norske språket skil me i dag mellom funksjonsnedsetjing og funksjonshemming, eit skilje som i lengre tider har kome betre fram på engelsk, ved bruk av omgrepa *impairment* og *disability* (Sandvin, 2014, s. 91). *Funksjonsnedsetjingar* dreier seg om avgrensingar hos individet – årsakene til funksjonsnedsetjingane er biologiske (Tøssebro, 2021, s. 20). Dei viser seg gjerne i konkrete utfordringar hos folk, slik som å ha redusert hørsel eller å vere lam. Når det er snakk om *funksjonshemming*, blir fokuset vendt mot miljøet: funksjonshemming kjem i tillegg, og handlar om barrierar, som folk som har ei funksjonsnedsetjing, møter på i samfunnet. Slik handlar funksjonsnedsetjing om eigenskapar hos menneske, medan funksjonshemming er samfunnsskapte barrierar (Tøssebro, 2021, s. 20). Dette omgrepsparet har ein teoretisk verdi, ved å invitere til refleksjon om forholdet mellom individet og miljøet (Sandvin, 2014, s. 91).



Den tradisjonelle forståinga av funksjonshemming har sett på funksjonshemming som nedfelt i biologien, i form av sjukdom, skade eller lyte (Tøssebro, 2021, s. 15). Denne måten å tenke om funksjonshemming på, tek utgangspunkt i at biologiske avvik er eigenskapar ved individet (Midtsundstad, 2016, s. 18). Den medisinske modellen har etter kvart blitt utfordra, då ei slik forståing har fått kritikk for å ikkje vere treffande nok. Den sosiale modellen er ei tilnærming som har fått stadig større nedslagsfelt i forståinga av funksjonshemming. Merksemnda vender seg bort frå individet, ved å heller rette fokuset mot miljøet. Eit viktig poeng er å vurdere korleis funksjonshemming blir tolka, oppfatta og tillagt meining (Halvorsen, 2017, s. 75). Forståinga av funksjonshemming i den sosiale modellen er oppteken av å studere korleis samfunnet er med og skapar barrierar ved at menneske blir hindra i å delta i samfunnet som fullverdige medlemmar.

Ei sosial forståing blir somme tider brukt i samanheng med ei relasjonell forståing. Manneråksutvalet, som står bak NOU 2016:17 (s. 29), tar utgangspunkt i ei relasjonell forståing av funksjonshemming i deira vurderingar og forslag for *å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming*, som viser til tittelen på dokumentet. Utvalet ser funksjonshemming som eit misforhold mellom enkeltmenneske sine føresetnader, og korleis samfunnet er innretta. Graden av funksjonshemming kan reduserast ved å legge til rette for å betre organiseringar i samfunnet. Universell utforming er eit viktig fokus i arbeidet med å bygge ned funksjonshemmande barrierar. Universell utforming er eit prinsipp som er nedfelt i norsk lovgjeving, som dreier seg om at samfunnet skal, så langt det lar seg gjere, utformast på ein slik måte at det er tilgjengeleg for flest mogleg (Sandvin, 2014, s. 102). Ein må heile tida søke etter å lage gode fysiske miljø som kan bli tatt i bruk av alle innbyggjarar. I praksis er det ei utfordring å legge til rette for eit inkluderande samfunn for *alle*. Sandvin (2014, s. 102) viser til liknande refleksjonar når han skriv at universell utforming aldri vil kunne kompensere fullt ut for dei barrierane som menneske med ei funksjonsnedsetjing møter. Fysiske, psykiske eller sosiale forhold – eller ein kombinasjon av desse faktorane – gjer det vanskeleg for mange å delta i arbeidslivet (Spjelkavik, 2014, s. 34).

### **2.1.1 Utviklingshemming**

I dag lever menneske som har ein utviklingshemming eit heilt anna liv, samanlikna med tidlegare generasjonar av menneske med utviklingshemming. Dei har i større grad enn før vakse opp heime med eigen familie, og gått i ordinær barnehage og skule (Kittelsaa, 2011, s. 11). Historisk er menneske som har ein utviklingshemming blitt omtalt som åndssvake, evneveike og idiotar. Ein del av dei tidlegare måtane å snakke om menneske med utviklingshemming, blir i dag sett på som skjellsord, og elles svært nedverdiggande å bruke (Kittelsaa, 2011, s. 12). I dag er psykisk utviklingshemming eller berre utviklingshemming den gjeldande diagnostiske termen (Kermit, Gustavsson, Kittelsaa & Ytterhus, 2015, s. 14). Sandvin (2014, s. 91) skriv at når skilje mellom funksjonsnedsetjing og funksjonshemming blir brukt i forhold til omgrepet utviklingshemming, oppstår det ein semantisk ulikskap: forskjellen dreier seg om at utviklingshemming først og fremst er ein individuell tilstand – ein funksjonsnedsetjing – medan sjølve omgrepet ligg nærare funksjonshemming. Sandvin foreslår at det i staden for å bruke omgrepet utviklingshemming, kunne vore meir presist å snakke om nedsetjing av føresetnader for utvikling (Sandvin, 2014, s. 91).

Utviklingshemming er ein type kognitiv vanske som viser seg tidleg i livet, og som er særleg knytt til intellektuell fungering og læreevne (Wendelborg, Kittelsaa & Wik, 2017, s. 1). Utviklingshemming er ei samlenemning på medfødde eller tidleg erverva kognitiv svikt (Helsedirektoratet, 2017, s. 7). Personar som har ein utviklingshemming er ei heterogen gruppe, men store variasjonar i årsaker, eigenskapar og evnenivå. Nokre fellesnemningar må vere til stades for å kunne stille diagnosen psykisk utviklingshemming. Diagnosen blir stilt ut frå tre kriterium: Det første kriteriet er at intelligensnivået er under 70. Det andre kriteriet er avgrensa ferdigheiter i sosial samhandling og grunnleggande ferdigheiter i dagleglivet. Til slutt må diagnosen ha oppstått i løpet av utviklingsfasen, som vil seie før fylte 18 år (NOU 2016:17, s. 27).

Korleis ein forstår utviklingshemming, spelar inn på korleis ein forklarar den manglande deltakinga i arbeidslivet for personar med nedsett funksjonsevne. (Gjertsen, 2022, s. 2). Arbeidslivet stiller stadig høgare krav til arbeidstakarane. Ein konsekvens av dette handlar mellom anna om at menneske med utviklingshemming ikkje blir vurdert som reelle arbeidstakarar. Arbeidsevna deira blir ikkje sett på som gode nok, og i praksis blir mange av dei definert som ikkje eigna til å arbeide (Midtsundstad, 2016, s. 95).

Viktige forklaringar på kvifor personar som har ein utviklingshemming har låg deltaking i arbeidslivet, handlar mellom anna om at det blir stilt låge krav til dei, som kan vise seg i ei mangelfull opplæring i vidaregåande skule. Overgangen frå skule til ordinært arbeid tenderer til å vere lite tilrettelagde, i form av eit system som i større eller mindre grad legg føringar for at elevar som har ein utviklingshemming aldri blir ein del av den ordinære arbeidsmarknaden. Dagens skule er i stor grad organisert på ein måte som oppfattar at elevar som har ein utviklingshemming ikkje har gode nok føresetnader for å delta i den ordinære undervisninga og seinare i arbeidslivet (Gjertsen, Melbøe & Hauge, 2021, s. 26).

### **2.1.2 Forståing av arbeidsevne**

For å forstå korleis spenningsfeltet i spørsmålet om å få fleire i arbeid, er det tenleg å stoppe opp og sjå korleis omgrepet *arbeidsevne* blir forstått. Å vurdere arbeidsevna for personar med helseproblem eller andre utfordringar som gjer det vanskeleg å vere i arbeid, også kalla *arbeidsevnevurderinga*, blei introdusert i 2008 i samanheng med NAV-reforma, og har som hensikt å sikre ei brei vurdering av moglegheitene desse personane har for å få seg arbeid (Gjersøe, 2016, s. 10). Eit viktig føremål handlar om å styrke inkluderinga i arbeidslivet for personar i yrkesaktiv alder, som av ulike grunnar har problem med å få innpass i arbeidslivet, eller som er i ferd med å falle ut av det (Bråthen & Vetvik, 2011, s. 24). Vurdering av arbeidsevne fungerer som ein slags målestokk for kor reelt det er for potensielle arbeidstakarar å komme inn på arbeidsmarknaden. Gjertsen (2022, s. 3) skriv at om ein person har nedsett arbeidsevne, handlar dette om at vedkommande har dårlegare føresetnader enn andre til å møte dei krava som blir stilt i arbeidslivet. Personar med utviklingshemming har som regel nedsett arbeidsevne. Fleire opplever å bli møtt med negative haldningar eller låge forventningar, i første rekke med utgangspunkt i å ha eigenskapar som blir oppfatta som avvikande av andre. Diskriminering og ekskludering frå ulike sosiale arenaer er dessverre vanleg, også i arbeidssamanheng (Norvoll, 2019, s. 104).

## **2.2 Diskurs i tilnærminga av funksjonshemming**

Grue (2004, s. 150) skildrar funksjonshemmingsdiskursen som korleis teiknsekvensar bidrar til og opprettheld funksjonshemming som sosialt fenomen (Grue, 2014, s. 87). Mongoloid var

lenge godt innarbeidd i daglegtalet. Sjølv om omgrepet er uakseptabelt i dag, er det diverre framleis i bruk, om enn i mindre grad enn før. Frå ei ordforklaring frå ei eldre ordbok (Wahl, ukjent årstal, s. 95), står det at mongolar referer til ”Asia sitt gule folkeslag”, og mongolisme blei brukt om menneske som hadde ein utviklingshemming ”til siste trinn.” Omgrep som *åndssvak* og *evneveik*, som tidlegare hadde ein naturleg og sjølvstøtt plass i det norske språket, blir i dag sett på som diskriminerande og stigmatiserande (Morken, 2017, s. 154). Slike omgrep har skilt personar frå borgarar i samfunnet elles, som også har legimitert at dei har blitt behandla annleis enn andre (Fossland & Thorsen, 2010, s. 135). Desse omgrepa føyer seg inn i rekka av ord som kan opplevast sårande og belastande for dei som blir snakka *om og til* i slike ordvendingar. Og det er meir å hente: *retard*, *abnorm*, *tilbakeståande*. Fellesnemnaren er at omgrepa inneheld ei forståing om at personar som får desse merkelappane, har svake evner eller låg intelligens. Det betyr at det ikkje er likegyldig kva for ord, eller etikettar, ein set på personar (Morken, 2017, s. 154).

Nye ord avløyser gamle - etikettar speglar haldningar frå bestemte tidsepokar.

Klassifikasjonar blir vove inn i eit komplekst nett av institusjonar og praksisar (Halvorsen, 2017, s. 76). Historia gir oss kjennskap til fleire degraderande måtar å omtale personar med funksjonsnedsetjingar på. Omgrepa er med og reduserer menneskeverdet, på grunn av bruksmåte og assosiasjonar som omgrepa ber med seg. Morken (2017, s. 72) skriv at det har skjedd eit etikettbytte: ”krøplingen blir til et menneske med fysisk funksjonshemming, den åndssvake til et menneske med utviklingshemming og den mongoloide til et menneske med Downs syndrom. Målet med å endre språkbruken er å få bukt med negative haldningar, men det tar ofte tid før dei positive effektane viser seg i praksis (Morken, 2017, s. 72).

### **2.2.1 Fordommar og stigma**

Fordom er eit omgrep som er naudsynt å ha eit etisk medvit til, då det legg føringar for haldningar og handlingar i menneskeleg interaksjon. Fordommar er eit sjølvstøtt innslag i sosiale situasjonar som stiller oss overfor ulike hendingar og fenomen (Brodtkorb & Rugkåsa, 2019, s. 28). Mangel på kunnskap er eit nøkkelord i refleksjonen om *kvifor* fordommar oppstår og/eller blir haldne ved like, og er sentralt å setje søkelys på for å forstå, forklare og avsløre diskriminerande praksisar. I diskusjonen om kva konsekvensar fordommar kan ha,

blir det stilt spørsmål om sammenhengen mellom motiv og medvit. Uansett kva tilnærming som blir brukt i forsøket på å forstå omgrepet, er det stor oppslutnad om at fordommar veks seg sterkare når dei blir ståande uimotsagt (Faye, Lindhardt & Ravneberg, 2021, s. 13). Glomnes, skodespelar og forfattar av NRK-serien "Cammo" fortel kor viktig det er å vere open for nye perspektiv og synspunkt. Ho understrekar at det var lærerikt å vere på innspeling, der ho sjølv, saman med ei kvinne som har Downs syndrom, er i hovudrollene. Glomnes seier til NRK: "men så møtte eg meg sjølv i døra, og vart bevisst mine egne fordommar. Det syntest eg var veldig gøy, for eg ser på meg sjølv som ein open og lite fordomsfull person" (Svelstad, 2023).

Fordommar har ein tendens til å blir assosiert med enkeltindivid sine praksisar og tankemønster – sosiale mekanismar som gir utslag i negative haldningar og krenkande åtferd mot bestemte grupper eller fenomen (Faye, Lindhardt & Ravneberg, 2021, s. 10). I "Hele Norges Leksikon – bind 4" (1996, s. 484), heiter det at fordom er ein førehandsdom, ei meining utan grunnlag i rasjonell tankegang, "ofte bygd på sideordnede motiver", og utan påverknad for argument. I ei ordbok frå 2005 (Kunnskapsforlaget, s. 83) blir fordom forklart med ord som: fiks idè, intoleranse, tvangstanke, uvilje og vrangførestilling. Begge deler dreier seg om å ha bestemt seg på førehand, om at noko (eller nokon) er sånn eller sånn, punktum. Ingen av ordforklaringane frå oppslagsverka inkluderer den miljømessige påverknaden frå samfunnet ein er ein del av, men trekk fram kjenneteikn og åtferder forankra i individet *åleine*. Ved å gi omgrepet meining berre med utgangspunkt frå individ sine indre disposisjonar, tek ein ikkje høgde for at all menneskeleg interaksjon føregår i samfunnsmessige kontekstar. Faye, Lindhardt og Ravneberg (2021, s. 11) etterlyser ei vidare tolking, då dei meiner at omgrepet inneheld ein så stor grad av kompleksitet, at det ikkje kan isolerast på individnivå. Dei argumenterer for at *kontekst* må inkluderast i forståinga av omgrepet, for å avdekke korleis fordommar blir konstruert og oppretthaldne i avanserte sosiale praksisar. Forfattarane ser fordommar som eit samspel mellom "individuelle oppfatningar og sosiale systemer som skaper bestemte handlingsmønstre. Dette innebefatter maktutøvelse, språk, identitet og kollektive verdier og normer som har betydning for medvirkning" (Faye, Lindhardt & Ravneberg, 2021, s. 11).

Det er mange døme på grupper som blir definert ut frå stereotypiske tilnærmingar . Dei fleste har til felles at dei inneheld eit identitetsregister av avgrensa og mangelfull karakter, i

fokuseringa av spesifikke eigenskapar og trekk. Å stigmatisere handlar om å gjere skilnad på menneske, basert på synlege teikn som handlar om bestemte tilstandar – om forhold som er særeige for ein person, i forhold til omgjevningane. Stigma tyder ”punkt, teikn, merke (sårmerke eller brennmerke)”, og har truleg opphav frå Kristi sårmerke frå lidinga på krossen (Hele Norges Leksikon - bind 13, 1996, s. 436).

Omgrepet stereotypi har fått ein negativ klang, då det blir assosiert med nedverdiggande førestillingar om ulike typar minoritetsgrupper. Behovet for å generalisere på eit lite grunnlag, er problematisk dersom ein ikkje er interessert i å utvide perspektivet sitt ved å vurdere gamle konklusjonar i lys av ny, tilgjengeleg informasjon (Thorbjørnsrud, 2019, s. 227). På denne måten er det snakk om fordommar, ved at ein ikkje evnar å skilje mellom kategori og individ. Læreevne og fleksibilitet blir redusert – samhandling blir vanskeleg. Det same blir evna til å realisere humanistiske verdiar (Thorbjørnsrud, 2019, s. 227). I praksis viser fordommar seg som diskriminering, som ofte refererer til ufortent eller feilaktig forskjellsbehandling, ved at usaklege forhold blir tillagt vekt i tildeling av status og i fordeling av gode (Rogstad & Sterri, 2018, s. 45). Stigmatisering dreier seg om at menneske som ikkje lever opp til normer som blir sett på som normale innanfor bestemte samfunn og kulturar, blir tilskrivne negative og uverdige assosiasjonar (Gustavsson, 2014, s. 46). Dette kan vise seg i at nokon blir utpeikt som spesielle på ein negativ måte, ved å bli tildelt merkelappar som kan resultere i uheldige konsekvensar. Morken (2017, s. 154) spør: Med kva for rett set me merkelappar på grupper av menneske?

### **2.2.2 Normalitet og avvik**

Ein typisk inngang i forsøket på å forstå individ og samfunn, og korleis individ *i* samfunn dannar grunnlaget for sosial samhandling, er bruken av, i ulike vendingar, samfunnsomgrepet ”oss” og ”dei andre” (Brodtkorb & Rugkåsa, 2019, s. 30). Det er makt i slike ordformuleringar, fordi dei er med og gjer skilnad på folk. Dei er styrande for korleis ein vurderer kven som er vanlege, og kven som ikkje er det (Grue, 2014, s. 87). I ”Den store kryssordboken” (Wahl, ukjent årstal, s. 7) heiter det at abnorm er å vere misdanna eller unaturleg – noko som avvik frå det normale. Alle menneske har ein oppfatning av kva omgrepet normalitet inneber. Å ”normalisere” er ei handling eller ein prosess, som tek sikte

på å vurdere noko som normalt (Fossland & Thorsen, s. 135, 136). Normalitet versus avvik vil her vere eit omgrepsspar som det er viktig å sjå på. Normalitetsomgrepet både prioriterer, inkluderer og ekskluderer. Dei som blir ekskludert frå fellesskapet, hamnar i avvikskategorien (Nafstad, 2009, s. 15).

Både sjukdom og sosiale problem kan bli forstått som avvik, ut frå normer i samfunnet. Kva for sosiale oppfatningar av normalitet og sosiale avvik som eksisterer, må alltid sjåast i lys av samfunnsmessige epokar og historiske og kulturelle fenomen (Norvoll, 2019, s. 100).

Haldningane våre om menneske er ikkje uavhengige av dei teoriene som blir vektlagt. Teoriar om menneske er sjølv eit skapande moment i kva det vil seie å vere menneske (Skjervheim, 1996, s. 191). Diskursomgrepet er særleg nyttig for å prøve å forstå uvanlege kroppar.

Diskursanalyse er eit verktøy som kan hjelpe oss å avdekke korleis me tenker om og innrettar oss i verda (Grue, 2014, s. 18-19).

Eit historisk tilbakeblikk er naudsynt for å forstå menneskeleg åtferd. Historia legg føringar for dagens haldningar, og har påverka korleis dagens samfunn har vakse fram. Kunnskap om fortida gir tyngde i å kunne vurdere korleis praksisar endrar seg *med* og *i* tida (Weihe, 2019, s. 223). Språk, haldningar og sosial samhandling er så innbakt i etablerte tenkemåtar, at det kan vere utfordrande å avdekke uakseptable uttrykksmåtar- og former. Strategiar for å slå ned på fordommar, gjer at det er viktig å ha kjennskap til korleis og kvifor negative haldningar har oppstått (Halvorsen, 2017, s. 289). Det gir grunnlag for å forstå yrkesetikk og strukturar som påverkar praksisar (Weihe, 2019, s. 223). Ved å ikkje ha tilstrekkeleg kunnskap til andre si verd, fortolkar ein lett ut frå egne erfaringar og eigen bakgrunn, som igjen kan skape fordommar (Askeland, Oskarsen & Unhjem, 2011, s. 170).

Kva gjer nokon uvanlege? Grue (2014, s. 30) spør om det går an å berre seie *annleis*, altså om omgrepet *annleis* kan stå for seg sjølv. Han utdjuvar at det er her problemet byrjar for alvor: Å vere *annleis* blir tillagt innhald nettopp i kraft av å vere *annleis enn* andre. Haldningar gir utslag i korleis ein oppfattar andre, og blir uttrykt med utgangspunkt i opplevingar og erfaringar. Ved å vektlegge personar sine funksjonshemmingar, kan dette utløyse bestemte måtar ein tenker og oppfører seg på. Haldningar kjem fram gjennom måten ein møter andre menneske - gjennom kroppsspråk og det ein seier og det ein gjer (Askeland, Oskarsen & Unhjem, 2011, s. 170).

## 2.3 Media – eit samfunnsoppdrag

Media spelar ei viktig rolle i samfunn som bygger på demokratiske prinsipp. Media har ei sentral oppgåve i å formidle informasjon og nyhende, slik at alle innbyggjarar får lik tilgang til opplysning. Føremålet er å invitere til opplevingar og tankeverksemd, og til å informere om ulike typar bidrag om aktuelle offentlege diskusjonar (Gripsrud, 2015, s. 45). Journalistikken og media sitt oppdrag kan knytast til informasjon, debatt og samfunnskritikk. Eit stort ansvar er å sørge for at ulike syn kjem til uttrykk (Eide, 2011, s. 18). Å sikre eit mangfald av ytringsmoglegheiter er eit stort mediepolitisk mål – eit viktig ledd i vern av demokratiet (Ihlebak, 2009, s. 364).

Det eksisterer ein del grunnleggande normer og verdiar, som må inkluderast i forsøket på å forstå korleis det norske samfunnet fungerer. Ytringsfridom og demokrati er viktige prinsipp. Om ein tek slike verdiar for gitt, kan det gi utslag i sjeldan spørsmålsstilling til demokratisk styring. Sidan journalistisk arbeid blir rekna som ein sentral rolleinnehavar i demokratiet, vil ein manglande etisk refleksjon over grunnleggande verdiar som held samfunnet i hop, også vere ei etisk utfordring for journalistikken (Røsland, 2007, s. 118).

### 2.3.1 Makt i media

Den fjerde statsmakt er det uformelle namnet på den norske pressa. Sentrale funksjonar er å *auke* og *bidra til* opplysning, gjere informasjon *tilgjengeleg*, og å *avdekke* maktmisbruk – dette er viktige mekanismar som refererer til media si rolle i samfunnet (Fjerde statsmakt, 2020). Ut over at media er i ein særstilling i å dekke både lokale- nasjonale og internasjonale nyhende, påverkar og overvakar media i stor grad *korleis* informasjon i ulike kanalar kjem til uttrykk. Media har med andre ord både tyngde og eit stort nedslagsfelt, og er i alle ledd av samfunnet. Media eksisterer med andre ord *over alt*.

Tønnessen og Tveiten (2013, s. 1) har refleksjonar om at ei aukande digitalisering fører til at tekstar kan flyttast, endrast og delast i rekordfart. Forfattarane fortset med å skrive at når informasjon blir publisert på mange (og på) nye plattformer, risikerer ein at kontekst og meining får eit nytt eller endra innhald. I ei tid då saksforhold blir uttrykt gjennom eit spekter av uttrykksformer, er det kjempeviktig å forsøke å forstå korleis informasjonen blir forma ut frå rammene for produksjon, distribusjon, tolking og bruk (Tønnessen & Tveiten, 2013, s. 1).



Dette gir dekning for å hevde at det er makt i media. Christoffersen, Engebretsen og Heggen (2012, s. 35) skriv at det er samanheng mellom språkbruk og makt. Dette dreier seg sjeldan om ein form for makt, skriven med store bokstavar under overskrifta makt. Forfattarane fortset med at ”det blinker ikke varsellamper som opplyser oss om at nå må hver og en og vi alle forstå oss selv i sammenheng med våre omgivelser på nye måter.” Vik (2007, s. 85) peiker på noko av det same når han skriv at ”makta er over alt og skjuler seg i det sjølvsgatte, og ho er gjerne mest potent der ho er mest skjult.” Innverknaden media har på samfunnet og kvar einskild av oss, gjer at me bør ha eit vakent blikk om at media har stor påverknadskraft (Gripsrud, 2015, s. 45). Ein skal også vere klar over at media blir styrt etter kommersielle prinsipp, ved å ”rapportere om sensasjonelle menneskeskjebner” for å auke opplag og sal (Halvorsen, 2017, s. 41). Strategiske overskrifter fangar blikket vårt.

Nyheitsmedia som institusjon, har journalistar som arbeider etter kriterium som avgjer kva som er nyhende og kva som ikkje er det (Knudsen, 2016, s. 7). I det kan ein forstå at media styrer og definerer kva som har nyheitsverdi. Journalistar hamnar i spenningsfeltet mellom å vere både *varsam* og *plagsam*. Ei sentral rolle for journalistar vil alltid vere å utfordre innarbeidde og sjølvsgatte oppfatningar og etablerte maktstrukturar. Korleis dette heng saman, handlar i stor grad om kva for journalistar det er snakk om – *kven* og *korleis* heng uløyseleg saman, og vil derfor ha stor innverknad på journalistarbeidet (Eide, 2011, s. 26). Dette understrekar at nyheitsproduksjon er eit maktspel. Det gir makt å vere journalisten som banar veg for nyheitsleiande saker, ved å ha historier på blokka som legg premiss for dekking, trykking og publisering. Å arbeide strategisk vil alltid ha innspel av ”timing” og vinkling, *kven* som bør uttale seg og *korleis* budskapet bør spissast (Eide, 2011, s. 24 og 28).

Når journalistar skal dekke ei sak, kjem dei ofte i kontakt med menneske som har ulike versjonar av hendinga. Då er det interessant å sjå om eitt perspektiv blir meir vektlagd enn eit anna, ved at spesifikke sider av ei sak dominerer, dersom nokon kjem meir til orde enn andre (Svennevig, 2020, s. 197). *Kven* som får taletid, handlar i stor grad om *kven* som har den språklege kompetansen (Neumann, 2021, s. 78). Ideelt prøver ein å stille seg i ein objektiv eller nøytral posisjon. Det er tilnærma umogleg å realisere. ”Ein kan prinsipielt ikkje objektivisera seg sjølv”, for å lese med Skjervheim (1996, s. 73). *Inngangen* journalistar har til ei sak, påverkar kva for uttrykk medieopplaga får. Eksponeringa vil alltid, i ulikt omfang, spegle journalistar sine posisjonar, haldningar og syn.

## 2.4 Etikk

Ein kjem ikkje utanom etikken i deltaking og i studium av menneskeleg åtferd. Kunnskap om etikk er ein viktig føresetnad for å vere rusta til å forstå og møte etiske problemstillingar. Dei mellommenneskelege relasjonane handlar om å oppleve små og store hendingar saman.

Antônio Barbosa da Silva (2006, s. 81) forstår etikk som ein filosofisk refleksjon over måtar å tenke over korleis ein bør handle i ulike situasjonar. Korleis ein stiller seg til etiske problemstillingar, gir utslag i moralske verdiar, som enkelt forklart viser seg i kategoriar som godt/vondt, rett/urett osv. Med andre ord handlar ein moralsk og tenker etisk. Fredwall (2018, s. 224) har også ei praktisk tilnærming i forståinga av etikk og moral, og supplerer med assosiasjonar som; skikk og bruk, oppførsel eller sedvane. Han reflekterer over at det er likskap og overlapp mellom folkeskikk, etikk og moral.

Det moralske klimaet ein er ein del av, påverkar korleis ein tenker og snakkar om det ein opplever har moralsk relevans (Vetlesen, 2007, s. 38). Føllesdal (2020, s. 36) understrekar at etikken ikkje fungerer som eit slags gjennomiktig lysark som kan leggest over forskjellige verksemdar, for å enkelt legge etiske føringar til grunn i ulike situasjonar, med utgangspunkt i autoritative eller logiske prinsipp. Han understrekar at ein sterk etikk krev grunnleggande kunnskap innanfor mellom anna terminologi og historiske og kulturelle strøimmingar. Gjennom studiet av etiske tradisjonar får ein trening i å stille spørsmål og til å bruke verktøy til hjelp for å løyse etiske problem –og dilemma. Øving i å forstå kva for prinsipielle verdiar og spørsmål som kan stå på spel når etiske utfordringar blir debattert, er viktig i opparbeidinga av eit ansvarleg og etisk medvit (Føllesdal, 2020, s. 36).

Fredwall (2018, s. 226) tolkar etikk som viktig i forståinga av refleksjon over moralske handlingar, og er oppteken av at etikk og moral er ein vesentleg del av modningsprosessen for sann menneskeleggjering. Eide (2018, s. 47) har liknande refleksjonar. Ho argumenterer for at etikk er innvove i profesjonsutøvinga, og skriv at målet er ein integrert etikk; det skal setje sitt preg på profesjonsutøveren. Slik blir ikkje etiske og moralske verdiar og prinsipp berre eit spørsmål om kunnskap, men om utvikling av karaktertrekk.

Å halde ved like ein yrkesetikk, har tydelege mål som er tufta på respekt og menneskeverd, og krev ein heilt spesiell vilje og innsats for at idealet skal setjast ut i praksis kvar einaste dag

(Ellingsen, 2014, s. 175). Å hjelpe eller å ta vare på andre menneske krev faglege kunnskapar og etisk ansvarskjensle (Hjort, Kristiansen & Barkholt, 2018, s. 11).

### **2.4.1 Menneskeverd og menneskesyn**

Alle menneske har eit ibuande menneskeverd. Å verne om menneskeverdet er naudsynt for å legge til rette for at alle menneske kan delta på lik linje. Norge har ei plikt til å legge til rette for at menneske med ei funksjonsnedsetjing kan delta i arbeidslivet. Hovudføremålet er både å respektere og realisere menneskerettane, og å bygge ned funksjonshindringar (Weihe, 2019, s. 232, 233). Myndighetene er pliktige til å verne om menneskerettane. Desse er forankra i Grunnlova, og gjeld i like stor grad for personar med utviklingshemming som for andre (Meld. St.8 (2022-2023), s. 15).

Korleis blir menneskeverd plassert i lys av diskursive refleksjonar? Vetlesen sine tankar er interessante: ved å gå lingvistisk til verks, forstår han omgrepet *menneskeverd* ved ei todelt analysing: *Menneske*, skriv han, peikar på det som kan omtalast som interpersonlege ordningar – menneske er subjekt og objekt på same tid, i kraft av å vere menneske. *Verd* gir seg utslag i noko unikt hos mennesket, med tyngde i å vere ukrenkeleg – mennesket er eit mål i seg sjølv (Vetlesen, 2003, s. 179). Det sistnemnde handlar om å ikkje utnytte eller misbruke menneske. Dette er sentralt i Kant sitt kategoriske imperativ - om å ikkje redusere menneske til instrumentelle verdiar. Morken (2017, s.152) poengterer at menneskeverd og ukrenkelegheit har noko med kvarandre å gjere: menneske er mål i seg sjølve, og ikkje eit middel for at andre eller for samfunnet elles.

Anerkjenninga av menneskeverdet må grunngjevast; det må rettferdiggjeraast (Vetlesen, 2003, s. 179). Ellingsen (2014, s. 175) skriv treffande om kor utfordrande (og paradoksalt) det kan vere å halde menneskeverdet høgt: ”Menneskeverdet er iboende og ukrenkelig, men det er lett å krenke.” Ellingsen sine refleksjonar, om at menneskeverdet er ibuande i alle menneske, gir assosiasjonar til Vetlesen (2003, s. 180) si skildring av eit menneskesyn forankra i teologi – tanken om å vere *skapt i Guds bilete*. Å legge til grunn eit kristent menneskesyn i forståinga av menneskeverdet, fordrar derfor at alle menneske er like mykje verdt. Utfordringa, som Vetlesen illustrerer, viser seg når folk argumenterer for menneskeverdet på andre måtar enn frå ein kristen eller ein annan religiøs ståstad. Realiteten er jo nettopp at ikkje alle sluttar seg

til overbevisninga om ein skapargud, der menneskeverdet er gitt med lik tyngde til alle menneske. Ved at det finst ulike måtar å vurdere menneskeverd og menneskesyn på, er det vanskeleg, om ikkje umogeleg, å fastslå ein universell måte å tileigne mennesket verdi på (Vetlesen, 2003, s. 180).

For å forstå kjernen i omgrepa menneskesyn og menneskeverd, er det nyttig å sjå korleis omgrepa har vakse fram historisk. Forskjellige litterære tekstar, innanfor særleg religion og filosofi, presenterer ulike former for menneskesyn (Lingås, 2013, s. 82). Eit menneskesyn heng ikkje i lause lufta, men handlar om korleis ein orienterer seg i verda, og kva ein vektlegg i refleksjonen kring historiske, kulturelle og livssynsmessige uttrykk.

I eit historisk perspektiv har menneske i lange tider vore opptekne av plassen sin i verda. Døme er å finne i religiøse, filosofiske og andre litterære tekstar. Den eldste tanken om menneskesynet er å finna i ulike former for den gyldne regel, også kalla *gjensidigheitsprinsippet* – om å respektere og gjere mot andre menneske slik ein sjølv ønsker å bli behandla. For at gjensidigheitsprinsippet skal vere gyldig, betyr det at ein må vurdere kvarandre som verdifulle. Slik blir gjensidigheitsprinsippet ein slags målestokk for å måle menneske sin verdi, nemlig at ein vurderer seg sjølv og andre som likeverdige (Lingås, 2013, s. 82). Eit etisk medvit føreset eit ansvar for korleis ulike handlingsalternativ påverkar måtar å løyse vanskelege situasjonar på. Etikk og menneskesyn vil alltid ha noko med kvarandre å gjere (Barbosa da Silva, 2006, s. 43, 44; Lingås, 2013, s. 50).

## **3 Design og metode**

### **3.1 Eit empirisk, kvalitativt studium**

Oppgåva er eit empirisk, kvalitativt studium. Kvalitative data kan ikkje talfestast, då dei er avhengig av å bli tillagt meining. Kvalitativ forskning er gunstig å nytte i studium av ulike typar menneskeleg åtferd (Thomassen, 2006, s. 72). Grønmo (2016, s. 175) skriv at ein kvalitativ innhaldsanalyse bygger på systematiske gjennomgangar av ulike typar dokument, med fokus på kategorisering av innhaldet og registrering av data, som er relevante for problemstillinga som oppgåva bygger på. Ei kvalitativ tilnærming tek sikte på å skildre, forstå, forklare og tolke (Forsberg & Wengström, 2012, s. 54 og 147). For å forstå samfunnsmessige fenomen, må fokus på språk inkluderast i forskinga (Skrede, 2017, s. 39).

Empirisk forankring handlar om at det skal vere samanheng mellom tolking og røynd. Tolking av data skal samsvare med røynda og med tekstar som blir gjenstand for tolking (Forsberg & Wengström, 2012, s. 54 og 147). Empiri er informasjon eller opplysningar om faktiske forhold i samfunnet, som bygger på erfaringar om desse samfunnsforholda. Empiriske analyser kan vere tenlege for å oppdage sosiale mønster, som ikkje utan vidare lar seg avdekke ved direkte sanseerfaring (Grønmo, 2016, s. 47).

### **3.2 Diskursomgrepet**

Diskurs er eit omgrep som framhevar kunnskapsdanning ved bruk av språket. Sidan kunnskap oppstår i og gjennom språkleg interaksjon, har språket ei sentral rolle i maktrelasjonar i kunnskapsutvikling (Thomassen, 2006, s. 120-121). Diskursar dreier seg om korleis menneske tenker og kommuniserer – ei form for internalisert makt som styrer menneskeleg åtferd (Engebretsen & Heggen, 2012, s. 141).

Neumann (2021, s. 21, 22) forstår diskursomgrepet som eit system av bestemte utsegn og praksisar som er å finne i institusjonar. Vidare skriv han at diskursar viser seg som meir eller mindre normale, er verkelegheitsskapande for "sine bærere", og er til ein viss grad lovgjevande innanfor dei sosiale relasjonane dei er med og skaper. Jørgensen og Philips (1999, s. 9) viser til ei enklare forståing av diskursomgrepet, ved at ein diskurs er ein bestemt måte å snakke om og forstå verda (eller delar av verda) på. Forfattarane (1999, s. 36) utdjupar

ved å skrive at diskursar dreier seg om ”en fastlæggelse af betydning inden for et bestemt domæne.” Omgrepet domene kjem frå det franske *domaine* og det latinske *dominium*, og betyr herredømme. Eit domene refererer til eit område eller arbeidsfelt som ein innehar ein viss mengde sakkunnskap og myndigheit innanfor (Berg, 2023).

Diskurs er ein bestemt måte å snakke om og forklare verda på, og viser korleis og kvifor noko trer fram slik eller slik, og korleis ulike førestellingar av verkelegheita blir representert (Moa & Kiik, 2011, s. 117). Diskursar finst i kraft av regularitetar, som vil seie at dei blir haldne ved like av dei sosiale praksisane og handlingsvala dei er ein del av. Dette er med på å reprodusere diskursar til å framleis vere allmenne oppfatningar (doxa) (Neumann, 2021, s. 84-86). Diskurs er måtar å representere på, og kan knytast til forskjellige posisjonar eller perspektiv innanfor ulike grupper og samfunn. Diskursar blir tekne i bruk i mellommenneskeleg interaksjon. Relasjonar mellom diskursar liknar på relasjonar mellom menneske – dei kan komplementere, konkurrere og utkonkurrere kvarandre. Kva for diskursar som blir tekne i bruk, har samanheng med at det eksisterer ein representasjon i eit spesifikt innhald, som har felles oppslutnad av ei viss mengd av menneske (Skrede, 2017, s. 35). Ein diskurs kan sjåast på som føresetnader eller rammer for kva som kan seiast i ein bestemt situasjon eller om eit spesifikt fenomen. Slik blir diskursar grensegjevande for kven som kan seie kva i ein viss kontekst, og om det som blir kommunisert blir teke på alvor (Singh, 2023, s. 96).

Summen av det språklege uttrykket – tekst og tale – handlar om kven som har den språklege kompetansen (Neumann, 2021, s. 78). Gjentakning fører til at handlingar, praksisar og forståingar som blir etablert som diskursar, får status som sjølv sagt. Dette skjer når deltakarar i diskursar held ved like dei gjeldande representasjonane (Singh, 2023, s. 99). Det er det sjølv sagte ein er ute etter å avdekke: Det er interessant å studere korleis nokre utsegn blir akseptert som sanne, medan andre ikkje blir det (Jørgensen & Philips, 1999, s. 31, 32). Slik er makt med og legg føringar for det sosiale. Makt og viten er alltid kopla saman. Makt definerer korleis verda blir tillagt meining med utgangspunkt i språklege konstruksjonar (Jørgensen & Philips, 1999, s. 23).

Ein tidleg inspirator til diskursanalyse var den franske filosofen Michel Foucault (1926-1984). Mykje av litteraturen innanfor metoden, byggjer på arbeidet hans. Foucault var

oppteken av å studere korleis makt i den språklege samhandlinga kunne spele inn på den sosiale ulikskapen i samfunnet. I følge Foucault er diskursen språket si byrjing, og språket er til sjuande og sist diskurs (Foucault, 2008, s. 138-141). For han ligg dei sosiale relasjonane i språket. Menneske kategoriserer ved å bruke språket. Når forskarar gjer bruk av diskursanalyse, blir ikkje oppgåva å sjå ”bak” språket, då alt er direkte tilgjengeleg i diskursen (Neumann, 2021, s. 33). Foucault (2008, s. 181, 182) skriv at diskursen finst også i det som ein ikkje seier. Diskursen viser seg i haldningar og åtferdsmønster som alltid eksisterer i sosiale relasjonar. Det som er særlege ved diskursar er den dominerande effekten som gjer han allment akseptert. Diskursar kan føre med seg konflikhtar. Det er derfor diskursar er våpen for makt, kontroll og undertrykkande mekanismar (Foucault, 2008, s. 181, 182).

Diskursomgrepet plasserer seg i skjeringspunktet mellom språket og verkelegheita. Ein diskurs kan ikkje omtalast som noko reint språkleg, som eit system utan referansar, men kan heller ikkje forklarast som noko ikkje-språkleg, med fråver av lingvistikk. Verkelegheita er språkleg konstruert, og språket reagerer på hendingar i røynda. Med andre ord gjer diskursomgrepet det mogleg å studere korleis språket og verkelegheit heng saman (Jordheim, 2010, s. 66). Foucault (1996, s. 141) skriv at ein treng språket for å setje ord på verkelegheita kring seg. Foucault set i større eller mindre grad likskapsteikn mellom språk og diskurs, ”i kraft av den enestående kraften til et ord som binder tegnsystemet sammen med den vøren det betegner” (Foucault, 1996, s. 141). Jørgensen & Philips (1999, s. 35) nyttar ein metafor om eit fiskenett for å gi eit nyansert bilete av korleis teiknsystem i språkleg interaksjon fungerer i praksis: alle teikna i ein diskurs er som knutane på eit fiskenett. Teikna har fastsette funksjonar, som gjer at dei skil seg frå kvarandre på bestemte måtar. Alle teikn er del av eit system. Kvart einskild teikn er bestemt ut frå kva for relasjon det har til andre teikn. Forfattarane fortset med å skrive at i poststrukturalismen blir språkbruk eit sosialt fenomen, ved at eit fenomen gir meining, blir fastlagt eller blir utfordra, ut i frå konteksten og *det sosiale rommet* som språket er ein del av (Jørgensen & Philips, 1999, s. 35). Diskursteorien siktar mot ei forståing av det sosiale som ein diskursiv konstruksjon. Det betyr at alle sosiale fenomen i prinsippet kan analyserast med diskursanalytiske verktøy. Sosiale fenomen er så å seie aldri ferdige eller totale, men er alltid under utvikling. Når sosiale fenomen aldri kan fastlåsast, blir det opna for sosiale kampar om definisjonar av samfunn og identitet. Eit viktig mål ved diskursanalyse er å setje fokus på korleis desse kampane utfaldar seg, og å avdekke korleis makta er fordelt (Jørgensen & Philips, 1999, s. 34). Utgangspunktet er at eit fenomen

blir til mellom anna som eit resultat av måten det blir handtert på. Korleis eit fenomen blir til, handlar om kva for diskursar som dominerer, og korleis den allmenne oppfatninga innanfor kvar enkelt diskurs heng saman (Neumann, 2021, s. 16).

Det kan vere utfordrande å studere diskursar ein sjølv er tett på og har ei meining om. Her må ein prøve å overvake seg sjølv så godt ein kan, slik at egne vurderingar ikkje overskygger analysen. Forskaren er ein del av kulturen og det som skal undersøkast, og deler automatisk fleire av dei sjølvsgatte oppfatningane som blir gjenstand for undersøkinga. Ei viktig oppgåve i all forskning inneber derfor å distansere seg frå det ein ønsker å rette søkelyset mot. Likevel går det ikkje an å setje seg i ein heilt nøytral posisjon: ein vil aldri greie å komme fram til ein kjerne i sanninga, ved å plassere seg sjølv på sidelinja i studiet av diskursar. Om ein i det heile greier å komme fram til det eine sanne svaret er så og seie eit håplaust prosjekt, fordi sanninga er i seg sjølv ein diskursiv konstruksjon (Jørgensen & Philips, 1999, s. 62).

### **3.3 Diskursanalyse**

Diskursanalyse er ikkje ein enkelt teori eller metode. Metoden kan ha ulik teoretisk innsikt og data. Uavhengig av kor djupt ein går inn i diskursanalyse som omgrep, er det fleire tema som går igjen, slik som studiar om sosial ulikskap, kjønn, rasisme og marginalisering (Skrede, 2017, s. 22).

Diskursanalyse høyrer til sosialkonstruksjonismen, som er ein vitenskapsteoretisk retning med epistemologiske premiss, som vil seie korleis kunnskap blir produsert gjennom sosiale prosessar (Singh, 2023, s. 95). Epistemologi er teori om kunnskap (Kvale & Brinkmann, 2010, s. 66). Askeland (2011, s. 32) skriv at sosialkonstruksjonisme betyr at alt er skapte konstruksjonar. Når ei gruppe i ein spesifikk kontekst vurderer synspunkt som sanne, og at desse oppfatningane fungerer som rammer for å handtere omgjevnadene, blir det ein sosial konstruksjon. Forfattaren understrekar at fellesskapet spelar ei viktig rolle i korleis ein utviklar seg og forstår verda. Språket opnar for meningsutveksling til å produsere kunnskap.

Diskursanalytikaren les samfunnsprosessar som tekst (Neumann, 201, s. 49). Det er viktig å vere klar over at ideologiske aspekt i tekstar er ofte skjult. Derfor er det viktig å leite etter budskapar som er fråverande i tekstar, fordi det vil alltid eksistere kommunikasjon som ikkje



er synleggjort i tekstar (Skrede, 2017, s. 20). Tekstar betyr noko ved å formidle ein form for viten. Ein kan utan vidare gå ut frå at ein tekst ber med seg kunnskap. Bodskapen til tekstar vil alltid vere eit produkt av dei samfunnsmessige føresetnadene som til ei kvar tid eksisterer. Tekstar er i seg sjølv med og produserer bestemte måtar å forstå verda på, ved å ha ein framtidretta funksjon. Tekstar seier både noko om kva dei er skapt av og kva dei sjøve er med på å skape. Alle former for lesing vil alltid vere ein form for reproduksjon og fortolking (Gadamer, 2010, s. 193).

Dersom ein forstår diskursanalyse som eit verktøy i studiet av korleis språket blir brukt, er det naudsynt å rette blikket mot den sosiale konteksten der språket blir anvendt (Skrede, 2017, s. 38). Diskursanalyse bygger på strukturalistisk og poststrukturalistisk språkfilosofi, som legg til grunn at språket er ein viktig reiskap for å forstå verda. Ved hjelp av språket blir det skapt representasjonar av verkelegheita. Desse representasjonane er ikkje berre avspeglingar av ei allereie eksisterande verkelegheit – dei er også med og skapar henne (Jørgen & Philips, 1999, s. 17).

Sjøve hovudpoenget med diskursanalyse er å studere føresetnader for at handlingar kan finne stad. Mening er svært ofte ein føresetnad for handling, og er å finne der mening oppstår, nemleg i språket (Neumann, 2021, s. 35). Språket si oppgåve er primært å skape mening. Diskursanalysen har som mål å fokusere på korleis det er historisk mogleg at ord som blir brukt om fenomen i ulike kontekstar blir godtekne som sanne av dei og dei menneska (Neumann, 2021, s. 18). Eit viktig mål i ei diskursanalytisk tilnærming handlar om å studere føresetnader for at handlingar kan finne stad (Neumann, 2021, s. 35).

Det er ved hjelp av språket at me kjem i kontakt med andre. Språket binder oss saman – forstår me ikkje språket til kvarandre, lever vi i kvar vår verd (Skjervheim, 1996, s. 71).

Ein føresetnad for kommunikasjon dreier seg om å dele noko – partane må ha eit minimum av felles forståing som kan spelast vidare på (Thornquist, 2018, s. 131). Målet for all kommunikasjon vil vere å oppnå felles forståing (Gadamer, 2003, s. 34). Ein sentral del av meininga ved å ha ein samtale, handlar om at deltakarane hevdar at noko er *sant*. Når dialogen er meint for å skape felles forståing, er det også naudsynt å klargjere kva ein tenkjer og kvifor ein tenkjer som ein gjer (Thomassen, 2006, s. 114). Habermas (henta hos Thomassen, 2006, s. 115) hevdar at det berre er i eit *kommunikasjonsfellesskap* me kan oppnå sanning.

Evne til å argumentere godt er i første omgang meint for å produsere tungtvegande og overbevisande argument (Habermas, 1996, s. 79. Når ein prøver å forstå dei ein samtalar med, høyrer det med at ein gir alle lik rett til å påstå noko. Dette handlar om å bli teken på alvor når ein legg fram meiningane sine (Vetlesen, 2007, s. 132). Det er også viktig å vere open for å lytte til andre sine innspel og overbevisningar (Thomassen, 2006, s. 114). Når ein oppfattar andre sine påstandar som påstandar, kan det opna for engasjerte samtalar. Ved å ta det den andre seier alvorleg, dreier det seg om å vere villig til å tilføre nye synspunkt til ettertanke, eventuelt diskusjon (Skjervheim, 1996, s. 74, 75). Askeland (2011, s. 34) skriv at i overført tyding inneber *å ta noko til ettertanke* om å reflektere. Skjervheim (1996, s. 159) meiner at ”når refleksjonen først har vakna, finst det ikkje nokon veg attende.” Vidare poengterer forfattaren at det ikkje dreier seg om i kva grad ein reflekterer eller ikkje reflekterer, men om me reflekterer godt eller dårleg (Skjervheim, 1996, s. 163).

Ved å inkludere ordet *kritisk* til refleksjonen, dreier dette seg om at sentrale tema i refleksjonen er henta frå kritisk teori. Kritisk teori skal bidra til at den kritiske refleksjonen evnar å avsløre undertrykkjande krefter og rådande diskursar i sosiale strukturar. Målet er å få ei betre forståing for korleis marginalisering og undertrykking av individ og grupper har samanheng med strukturelle tilhøve og maktrelasjonar i samfunnet (Askeland, 2011, s. 39).

Askeland (2011, s. 55, 56) er oppteken av at ein må overvake sin eigen praksis – det er viktig å innarbeide ei aktiv haldning til å stille kritiske spørsmål om kva ein gjer, og kvifor ein gjer slik eller slik. Å tørre å stille spørsmål, botnar i stor grad av å studere det ein reknar som sjølv sagt. Kritisk refleksjon kan utvide både forståing og innsikt i arbeidet; ein ønsker å forstå kva som styrer praksis, slik som strukturelle rammer, og kva for ulike verdi- og teorigrunnlag som er gjeldande for praksis. Målet bør alltid vere å bli inspirert til å forbetre der det er behov for det. Då vil det vere naudsynt å sjå arbeidet som del av ein større samanheng (Askeland, 2011, s. 55, 56).

### **3.3.1 Kritisk diskursanalyse**

Studiet av diskursanalyse handlar om å ha eit kritisk blikk på korleis diskursar påverkar maktforhold i samfunnet. Derfor heiter disiplinen kritisk diskursanalyse (Svennevig, 2020, s. 211). Eit viktig fokus i kritisk diskursanalyse, handlar om å ha ei engasjert tilnærming til ulike

samfunnsspørsmål (Skrede, 2017, s. 83). Kritisk diskursanalyse er godt eigna til å studere situasjonar som ber preg av at gitte maktkonstellasjonar blir halde ved like ved hjelp av maktmidlar som i liten grad utfordrar hegemoniet (Neumann, 2021, s. 57). At eit synspunkt har stor grad av hegemoni, blir forstått som at eit spesifikt synspunkt har større grad av dominans, eller herredømme, samanlikna med andre sider av ei sak (Jørgensen & Philips, 1999, s. 15).

I kritisk diskursanalyse er ein ikkje berre oppteken av å studere makt i form av undertrykking og dominerande strukturar, men også til maktformer som er vanskelegare å oppdage. Det er når makt blir brukt på måtar som får uheldige utfall for visse sosiale grupper i samfunnet, at han blir gjort til gjenstand for kritisk diskursanalyse (Skrede, 2017, s. 28). Kritisk diskursanalyse er kritisk fordi den ser det som ei viktig oppgåve å avsløre dei diskursive praksisane i opprettholdinga av ulike maktforhold i den sosiale verda og i sosiale relasjonar. Føremålet er å skape endring i form av å redusere maktforholda (Jørgensen & Philips, 1999, s. 76). Vidare poengterer Jørgensen & Philips (1999, s. 76) at kritisk diskursanalyse ikkje er politisk nøytral i arbeidet med sosial endring. Kritisk diskursanalyse er politisk engasjert i studiet av maktforhold, og stiller seg på sida til undertrykte sosiale grupper. Med andre ord er kritisk diskursanalyse på lag med dei svake partane. Eit viktig fokus er at resultatane ved bruk av kritisk diskursanalyse kan bidra til å skape radikal sosial endring (Jørgensen & Philips, 1999, s. 76).

Kritisk diskursanalyse viser korleis språklege mønster kan bidra til illegitim maktutøving i samfunnet. Eit sentralt poeng handlar om korleis etablerte måtar å skildre og argumentere på kjem til uttrykk i form av udiskutable kommunikasjonspraksisar. Korleis verkelegheita blir organisert, med utgangspunkt i kva for sanningar som dominerer, kan bidra til sosial ulikskap og interessekonfliktar. Diskursanalyse kombinerer språkvitskapleg og sosiologisk analyse for å illustrere korleis kommunikasjon og samfunnsstrukturar heng saman (Svennevig, 2020, s. 198, 199). Hovudpoenget med diskursanalyse er å studere det språklege og det materielle i eit heilskapsperspektiv (Neumann, 2021, s. 76).

### **3.4 Hermeneutisk metodologi**

”Hvis alt er språk, kan alt likeledes forstås og fortolkes og får dermed en hermeneutisk dimensjon” (Gadamer, 2003, s. 107). Å vere open for spørsmål og nye synspunkt er eit mål i seg sjølv. Det som avgjer, og som først skapar forskaren, er evna til å få auge på nye spørsmål (Gadamer, 2003, s. 28).

Studiet av menneskeleg åtferd vil alltid ha ein eller annan form for human- eller samfunnsvitskapleg profil. Kjernen i desse vitenskapane er å fortolke meiningsinnhald, ikkje årsaksforklaring av hendingar. Forsøket i å forstå menneskeleg interaksjon og sosiale strukturar har derfor innslag av ei hermeneutisk tilnærming (Gilje & Grimen, 2009, s. 79).

Hermeneutikk er læra om fortolking av tekstar. Frå ein hermeneutisk ståstad står fortolking av meining sentralt. Føremålet med ei hermeneutisk tilnærming er å oppnå gyldig og allmenn forståing av kva tekstar betyr. Hermeneutikken dreier seg opphavleg om tolking av religiøse, juridiske og litterære tekstar. I seinare tid har omgrepet fått eit større nedslagsfelt, ved å også dreie seg om diskurs og handling (Kvale & Brinkmann, 2010, s. 69). Kjernen i moderne hermeneutikk handlar om å tolke og forklare meiningsfulle fenomen, som har ein sentral plass i mykje av datamaterialet i samfunnsvitenskapane. Derfor kan det vere relevant å ha innslag av ein hermeneutisk inngang, når forskinga dreier seg om menneske og samfunn (Gilje & Grimen, 1993, s. 144).

#### **3.4.1 Tolking, fortolking og førforståing**

Det er aldri slik at individet som les ein tekst eller høyrer nokon tale ei sak, ikkje har med seg ei førforståing om innhaldet og gløymer sine eigne meiningar. Å vere open for andre sine overbevisningar eller overfor tekstar sitt innhald, vil alltid handle om å setje dei i samheng med sine eigne synspunkt, og å sjå sine eigne synspunkt i lys av andre sine meiningar (Gadamer, 2003, s. 37). Fortolking skjer heile tida, og kva syn ein har på verda, kjem fram i dei språklege vala ein gjer (Svennevig, 2020, s. 196). Gilje & Grimen (2009, s. 163) argumenterer for viktige grunnprinsipp i all fortolkning, i det dei kallar for ”metodologisk toleranse”. Kjernen i omgrepet er at når det eksisterer fleire måtar å tolke på. Når ein aldri kan vere heilt sikker på å ha funne den korrekte tolkinga, skal ein vere open for at andre fortolkingar enn dei ein sjølv baserer sine oppfatningar på, også er av betydning. Målet er å

forsøke å gjere noko klart og forståeleg – eit studieobjekt som i første omgang er uklart, uforståeleg, sjølvmotseiande eller kaotisk. Å fortolke handlar om å forsøke å finne fram til ei meining, ved å finne klarheit i noko som er vanskeleg å (be)gripe. Tolking skjer i møte med noko ein ikkje forstår (Gilje & Grimen, 2009, s. 156).

Frå ein i utgangspunktet kaotisk mengd av data og inntrykk som skal tolkast, skjer det ein seleksjonsprosess, ved å avskjere seg frå å lese sosiale hendingar på andre måtar enn på måtar som ein har særlege føresetnader for å gripe (Neumann, 2021, s. 28-29). Ein kan aldri stille seg i eit slags nullpunkt, eit "tabula rasa" – med blanke ark - for å vise til John Locke. Ein vil alltid ha med seg erfaringar og ein kunnskapsbakgrunn som er med og påverkar korleis ein forstår og handlar i ulike situasjonar. Det betyr at ein med andre ord alltid vil observere og konkludere ut frå tidlegare opplevingar (Thornquist, 2018, s. 76). Skjervheim (1996, s. 81) har liknande refleksjonar: "Vi kan ikkje velja å vera engasjert; i og med at vi er i verda, er vi alt engasjert, i eit eller anna." Vidare skriv forfattaren (1996, s. 109, 110) at å eksistere i verda gjer at ein nettopp *ikkje* er ein upartisk og tidlaus tilskodar, men ein tidsbunden og endelaus deltakar i historia. At ein har sine egne perspektiv i møte med tekstar eller i samtale med andre, vil seie at ei rein objektiv skildring av eit fenomen er ein posisjon det prinsipielt er umogleg å setje seg i (Svennevig, 2020, s. 196). Dette blir også understreka av Skjervheim (1996, s. 73): Ein kan prinsipielt ikkje objektivisera seg sjølv." Kvart einskild individ skapar si eiga historie, men ikkje under betingelsar det sjølv har valt (Neumann, 2021, s. 75).

Det ein brukar av seg sjølv, er sine egne fordommar – meiningar, overbevisningar eller synspunkt ein har i forkant av tekstlesing eller i møte med fenomen. Gadamer forstår omgrepet fordom ikkje berre slik det blir brukt i daglegtalen: å tvihalde på egne meiningar, utan vilje til endring, men som eit nøytralt fenomen ein ber med seg i alle situasjonar som treng tolking. Eigne oppfatningar utgjer grunnlaget for å stille spørsmål og måten ein forstår og konkluderer på. Summen av egne fordommar, blir kalla *forståingshorisonten*, som er bakgrunnen for *korleis* og *kvifor* ein både forstår og misforstår (Fossheim, 2022, s. 43-44).

### 3.5 Diskursetikk

Etikk handlar om kommunikasjon. Røssland (2007, s. 144) skriv at ”kommunikasjon handlar om *noko*, går føre seg i ein *situasjon*, mellom *personar* og gjennom *handling*.” Han fortset med at mellommenneskelege relasjonar derfor har med kommunikasjon å gjere.

Diskursetikarar, særleg Habermas, snakkar om korleis ein kan legge til rette for det som blir kalla for ein utvungen diskusjon, - et ideal om at alle involverte partar skal kunne stille spørsmål og ta initiativ til ein dialog (Ihlen & Robstad, 2004, s. 200). Habermas vektlegg det han kallar ein diskursetisk måte å kommunisere på – ein høgt ønskeleg måte å handle på i sosiale relasjonar (Ekeland & Heggen, 2007, s. 22). Deltakarane bør vere jambyrdige, og ingen bør utøve kontroll over andre. Diskursetikken er tufta på prinsipp om korleis debattar og dialogar ideelt bør gå føre seg, til det beste for dei involverte (Ihlen & Robstad, 2004, s. 200). Habermas er oppteken av dialog og samhandling i spørsmål om makt, og er derfor ein viktig bidragsytar i den diskursetiske tradisjonen (Fossheim, 2022, s. 65).

Habermas løftar den språklege kommunikasjonen som ein viktig komponent i den mellommenneskelege livsverda: samfunn, kultur og person er sentrale stikkord, og interaksjonen og samhandlinga mellom desse har språket som viktigaste medium. Livsverda blir reprodusert gjennom symbolbruken som trer fram i kommunikasjonspraksisar. (Vetlesen, 2003, s. 64, 65). Eit hovudtrekk i diskursetikken er at ei norm kun kan gjere krav på gyldigheit, dersom alle involverte partar er samde om at denne norma er gjeldande. Slik blir det eit krav om at normene skal kunne grunngjevast (Habermas, 1996, s. 53).

Gyldigheitskravet blir teken i bruk når det oppstår eit behov for å problematisere eit utsegn; talaren må kunne problematisere påstanden ved å ta i bruk argumentasjonsteknikkar.

Føresetnaden er at alle tale- og handledyktige subjekt skal kunne delta i diskursar; deltakarane skal evne å stille spørsmål til ytringar, og fritt legge sine egne innstillingar, ønske og behov på bordet (Vetlesen, 2003, s. 69). Språkleg utveksling inviterer til samhandling. Slike kommunikative handlingar er berebjelken i den sosiale integrasjonen (Vetlesen, 2003, s. 65).

Om ei omstridd norm er like god for alle som er berørt, gjer derfor at me må gå norma etter i saumane. Habermas viser til Tugendhat, som forstår diskursar som forholdsreglar; kommunikasjonsreglar skal sikre at alle involverte partar skal få høve til å stille likt i argumentasjonen om dei aktuelle diskursane (Habermas, 1996, s. 56, 57). Eit viktig fokus vil

vere å få fram alle sider av ei sak. Ei profesjonell tilnærming handlar derfor om å få alle relevante partar i tale (Røssland, 2007, s. 101). Den ideelle dialogen skal invitere til meningsutveksling utan bruk av manipulering (Fossheim, 2022, s. 66). Når alle har like sjansar til å tale si sak, er målet å utlikne maktforholdet (Habermas, 1996, s. 60).

Diskursetikken føyer seg inn i kretsen av dei rekonstruktive vitenskapane, som støttar seg på rasjonelle grunnlag for erkjenning, tale og handling (Habermas, 1996, s. 91). Omgrepet konstruksjon kan oversetjast med tankebygning, forklaring eller riss. Sosialkonstruksjonisme kan også brukast, der første del – sosial – illustrerer at *noko* oppstår i ein samfunnssamheng (Askeland, 2011, s. 32). Det vil seie at me ikkje kan nekte for at me er ein del av ei sosiokulturell livsform, som påverkar korleis me kommuniserer og organiserer liva våre (Habermas, 1996, s. 94).

Diskursar er underkasta innskrenkingar i tid og rom; dei finn stad i ein bestemt samfunnsmessig kontekst (Habermas, 1996, s. 84). Forståing og kunnskapstileigning er så grunnleggjande bestemt ut frå tida me lever i, av samfunnsstrukturar og sosial og kulturell tilhøyrslse, at det er utfordrande å definere sanning ut frå universelle prinsipp (Thomassen, 2006, s. 117). Måten me tolkar på og svara me kjem fram til, er med andre ord ikkje endelege. Sidan korleis me sorterer kunnskapen vår, høyrer heime i eit bestemt samfunn på eit bestemt tidspunkt, fører det til at resultata må kunne etterprøvast og bli gjenstand for saklege debattar -og diskursar (Thomassen, 2006, s. 116). Det vil alltid vere fleire måtar å forstå på, og mange røyster skal høyrast. Då er det viktig at alle slepp til, også marginaliserte grupper, som elles ikkje har ei stemme (Askeland, 2011, s. 31). Diskursetikken løftar ideen om likeverd som anerkjennande praksis, ved å vektlegge at andre har like rettar. Tanken er følgande: ein kan ikkje snakke med ein annan person, og samstundes *ikkje* anerkjenne denne personen som likeverdig. Alle involverte partar har lik rett til å legge sine synspunkt på bordet, på lik linje som ein sjølv skal kunne hevde seg, ved å understreke *sine* hensikter og interesser i ei sak (Vetlesen, 2003, s. 220).

Eit spørsmål som blir naturleg å stille mtp. biståing til menneske som har behov for hjelp, handlar om at det i slike relasjonar er ei skeiv maktfordeling. Ekeland & Heggen (2007, s. 22) poengterer at det vil vere ein risiko å sjå vekk frå det makt- og autoritetsforholdet som allereie eksisterer i samhandlinga mellom dei involverte. Vetlesen (2003, s. 66) skriv at

diskursetikken er eit historisk utviklingsprodukt: hovudideen i den sjølvstendige og sekulære etikken handlar om å halde ved like ein herredømmefri dialogform – alle berørte partar skal ha lik rett til å delta. Eit viktig mål dreier seg ikkje berre om rettferdiggjerding av makta, men om *deltaking* i makta, om kven som påverkar og avgjer, og kva som er tillate eller ikkje (Habermas, 1996, s. 62). Den ideelle situasjonen, om at alle involverte skal delta på lik linje, er ei utfordring. Ved at det allereie eksisterer ei skeivfordeling i spørsmål om makt, illustrerer dette at samtalepartnerane som involverer seg i samtalar og som kan påverke diskursar, er del av eit hierarkisk system. Lingås (2013, s. 140, 141) stiller spørsmål ved dette: Er det mogleg å komme dit at me sluttar å posisjonere oss overfor kvarandre, ut frå status, alder og kjønn, osv.? Målet i diskursetikken er at alle skal vere jevnbyrdige. Når verkelegheita er full av maktforhold, maktbruk og posisjonering mellom menneske, bør etisk medvit over korleis det bør vere, bli gjenstand for kritikk av desse maktforholda (Lingås, 2013, s. 140, 141).

### 3.6 Presentasjon av artiklar

Dei utvalte avisartiklane er funne i *Atekst*. Atekst er eit kvalitetssikra mediearkiv som gjer informasjon tilgjengeleg via internett. Informasjonen ligg ope for brukarar med særskilt tilgang (Hestnes, 2019). Atekst inneheld papiravisene sine originale utgåver av norske aviser, på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, samt eit mangfald av magasin og tidsskrift (e-aviser, UiT – Universitetsbiblioteket).

Proessen for å finne relevante artiklar i ulike aviser og tidsskrift har teke tid. Lang tidsbruk har bakgrunn i vurderinga av kva for litteratur og kva for ei vinkling eg skulle basere oppgåva på. Derfor er søka gjort relativt seint - frå februar, til byrjinga av mai 2023. Spesifikke omgrep er brukt i seleksjonsprosessen. Søkeorda er *utviklingshemming*, *funksjonshemming*, *funksjonsnedsetjing* og *mangfald*. Avgrensingar for publiseringstidspunkt er sett til februar, mars og april 2023. I tillegg til å filtrere søka til å gjelde desse tre månadene, er det berre artiklar under temaet *arbeidsliv* som har blitt nytta. Årsaken til at utvalet gjeld spesifikt artiklar som handlar om arbeidsliv, har bakgrunn i at det *der* blei funne relevante artiklar som tok opp viktige utfordringar i spørsmål knytt til inkludering på arbeidsmarknaden. Eg grunnir valet om å avgrense artiklar til å gjelde frå februar til mai 2023, samt under temaet arbeidsliv, med mål om å ikkje gape over for mykje.



Åtte artiklar er brukt. Artiklane har felles at dei rettar søkelyset mot problemstillingar som handlar om å få personar med funksjonsnedsetjingar i arbeid. Søkeorda er med og påverkar vinklinga til ulike utfordringar som blir presentert. Forskjellige inngangar til temaet bidreg til variasjonar i perspektiv.

Tabellen illustrerer korleis eg har gått fram for å finne artiklane:

Artikkel	Avis	Tema	Søkeord	Publisert	Treff
1	iFinnmark	Arbeidsliv	Funksjonsnedsettelse	21.03.2023	47
2	Utdanningsnytt	Arbeidsliv	Utviklingshemming	11.02.2023	12
3	Fri Fagbevegelse	Arbeidsliv	Utviklingshemming	13.03.2023	13
4	Dagens Perspektiv	Arbeidsliv	Funksjonsnedsettelse	09.03.2023	27
5	Sydvesten	Arbeidsliv	Utviklingshemming	17.02.2023	12
6	Handikapnytt	Arbeidsliv	Mangfold	24.04.2023	470
8	LO-aktuelt	Arbeidsliv	Mangfold	18.03.2023	270

### Artikkel 1

I avisa iFinnmark blei det 21. mars 2023, etter å ha stått på trykk i Avisen Oslo, publisert ein artikkel med tittelen: ”Nina (26) elsker jobben sin: hun er en gledesspreder uten like” (Bjørkli, 2023). Nina Helene Karlsen har hatt fleire butikkjobbar, og er i skrivande stund på sitt fjerde år på Kiwi Harestua. Ho arbeider fire timar tre dagar i veka, og har varierte arbeidsoppgåver, slik som å sitje i kassen og å rydde og vaske. Nina er eit ordensmenneske, i følge butikksjef Tom Bergestuen. Sjølv poengterer Nina at det er viktig å vere sosial, då ho likar å snakke med kundane. Nina trivst i jobben sin, og seier at det kjekkaste er å sitje i kassen, men at ho mislikar når folk ikkje seier hei tilbake. I tillegg til å skildre livet på jobb, fortel ho også litt om livet sitt elles.

Nina har Downs syndrom, og publiseringstidspunkt er ikkje tilfeldig: ein viktig bodskap i intervjuet er fokuset på Rockesokk-dagen – verdsdagen for Downs syndrom. Nina fortel at ho

”pleier å ha to forskjellige sokker hvert eneste år, og kommer nok til å ha det i år også.” Føremålet med å markere Rockesokk-dagen er å løfte og respektere det menneskelege mangfaldet, og å bidra til eit meir inkluderande samfunn. Artikkelen avsluttar med å opplyse lesarane om Downs syndrom, og at ”målet er at personer med Downs syndrom lever gode og innholdsrike liv, utvikler seg, og har mulighet for deltakelse i samfunnet.”

## **Artikkel 2**

”Tim (25) står for service, melk og klemmer ved Marienlyst skole” (Vedvik, 2023) er overskrifta på ein artikkel i avisa Utdanningsnytt, publisert 11. februar 2023. Lesarar blir kjend med Tim Lunaas Heggelund, som er tilsett som servicemedarbeidar ved Marienlyst skule i Oslo. Han har vore tilsett i to år gjennom stiftinga Helt Med, og jobbar tre dagar i veka. Stiftinga Helt Med blei nyleg kåra til ”Årets sosiale entreprenør”, og er ein viktig pådrivar for å få personar som har ein utviklingshemming ut i jobb.

Tim er glad i å slå av ein prat med både elevar og tilsette, og bidrar med å skape eit godt skulemiljø for alle. Han har ein dagleg runde med mjølkeutdeling i klasseromma, og elevane synest det er stor stas å få han på besøk. Rektor Knut Erik Brændvang er full av lovord, og er oppteken av å få fram at Tim er ein naturleg del av kollegiet, og fortener same respekt som andre tilsette. Tim er viktig for miljøet. Alle kjenner han, og blir glad av den positive utstrålinga hans.

## **Artikkel 3**

13. mars 2023 kunne lesarar av avisa Fri Fagbevegelse få innsyn i John-Håkon Nybakk sin arbeidskvardag som leiar for Bodø/Glimt-butikken på Aspmyra stadion. Artikkelen, med overskrifta: ”Bodø/Glimt-fan John-Håkon fikk drømmejobben til tross for utviklingshemming” (Odland, 2023) skildrar kor viktig det er å ha eit arbeid ein likar, og å utføre oppgåver som ein meistrar. ”Hva kan du eller hva vil du jobbe med? Det spørsmålet må alle få”, seier Ørjan Hinna, vernepleiar og kvalitetssjef i stiftinga Helt Med. John-Håkon er ikkje i tvil om at han har kapra draumejobben, då det for han ikkje finst noko betre å gjere som fotballinteressert. Han er den første som har ein utviklingshemming som har fått jobb i ein idrettsorganisasjon, og vegen fram til draumejobben har gått via Helt Med, ein organisasjon som arbeider for at personar som har ein utviklingshemming og lærevanskar skal få same moglegheiter som andre til å få eit arbeid dei er interessert i. Hinna etterlyser eit betre Nav-system, då han meiner at den jobben som Nav burde gjort, er det Helt Med som gjer.

Dette blir grunngeve i at Nav ikkje har særleg erfaring med å fange opp målgruppa, og at det i seg sjølv er eit stort problem for å realisere visjonen om å få fleire ut i arbeid.

Familien til John-Håkon har vore viktige for at han skulle finne seg ein jobb han trivst i.

Særleg storesøstera har vore ein sentral pådrivar, etter å ha sett annonse om at det var ledig stilling i fotballklubben. Mor til John-Håkon var oppteken av at han ikke ”skulle gå hjemme uten å gjøre noe”. Då John-Håkon var ny i jobben, deltok han på kurs for å lære om spelereglar i arbeidslivet og generelt korleis ein ter seg. Saman med ein kontaktperson, har han kvar veke ein god dialog om arbeidssituasjonen sin, der det er rom for å lufte både det han meistrar og det som er utfordrande på arbeidsplassen.

#### **Artikkel 4**

Se selv: ”Jakten på arbeidskraften” (Arbeids- og velferdskonferansen i Oslo, 2023), var også overskrifta på Dagens Perspektiv sin Arbeids- og velferdskonferanse i Oslo. Artikkelen stod på trykk 9. mars 2023. Ved å ha samla saman eit topplag av ekspertar og politikarar, var målet med konferansen å opplyse folk om utfordringar knytt til visjonen om å skape eit meir inkluderande arbeidsliv. I tillegg til spesielt inviterte bidragsytarar, er det særleg Tom Tvedt sine meiningar og erfaringar som får spalteplass. Tvedt engasjerer seg i kampen om å betre forholda til menneske med funksjonsnedsetjingar og/eller utviklingshemming, både gjennom ulike verv og leiarposisjonar, som tidlegare ordførar og fylkesordførar, men også på bakgrunn av personlege erfaringar. Engasjementet viser seg privat, då Tvedt er far til ei dotter som er blind.

Tidleg i artikkelen står det at Tom og dottera har vore gjennom fleire kampar for å få ein plass rundt samfunnsbordet generelt, og i arbeidslivet spesielt. Målet har heile tida vore å betre situasjonen til den gruppa som i realiteten sit heilt nedst ved bordet.

#### **Artikkel 5**

17. februar 2023 blei det publisert ein artikkel i avisa Sydvesten, med overskrifta: ”Dette er en målgruppe som har falt mellom alle stoler i arbeidslivet” (Skulstad, 2023). Bodskapen er at personar som har ein utviklingshemming er ei gløymt gruppe, og som i praksis er heilt avskoren frå det ordinære arbeidslivet. Organisasjonssjef Jann T. Aasbak i stiftinga Helt Med understrekar utfordringar med å få personar med funksjonsnedsetjingar ut i arbeid. Aasbak fortel at det er behov for ein finansieringsplan for å sikre god oppfølging, og at dette bør vere eit statleg ansvar, slik at modellen til Helt Med skal fungere på lengre sikt. Regjeringa svarer

med å følgje opp med mellombelse løysingar. Spørsmål om ressursbruk og ansvarsfordeling for å sikre arbeid til fleire, blir vektlagt i artikkelen. Mangel på ressursar, særleg i eldreomsorgen, blir trekt fram som eit viktig satsingsområde. Eit samarbeid mellom Fyllingsdalen sjukeheim og Helt Med, som har tre personar i arbeid på forskjellige avdelingar, viser til gode resultat. Nina Jørgensen, personalkonsulent ved Fyllingsdalen sjukeheim fortel om trivsel for bebuarar, tilsette gjennom Helt Med og sjukepleiarar og anna personell ved sjukeheimen – noko som understrekar at det kan vere ei god ordning å tilsetje personar med funksjonsnedsetjingar i helse- og omsorgsyrke.

### **Artikkel 6**

24. april 2023 blei Erna Solberg invitert av Tor Andreas Bremnes, dagleg leiar i Inclue AS, for å lære meir om å skape ein meir inkluderande arbeidsmarknad. Inclue AS er eit rekrutterings- og kompetanseselskap i regi av Norges Handikapforbund, med føremål ”om å få flere funksjonshemmede ut i ordinært arbeidsliv”. Overskrifta – og innhaldet i artikkelen – er å finne i avisa Handikapnytt: ”Inviterer Erna for å fortelle hvordan funksjonshemmede kan få jobb” (Kvistum, 2023), hadde bakgrunn i at Høgre-representantar stilte eit tilsvarande spørsmål i Stortinget sin spørjetime tidlegare i april: ”Hvordan kan flere arbeidstakere med de rette kvalifikasjonene få jobb?” Solberg sjølv kommenterer at mangel på arbeidskraft er ei stor utfordring i alle delar av samfunnet. Tor Andreas Bremnes framhevar at funksjonsnedsetjingar kan vere ein tilleggskompetanse i arbeidslivet. Bremnes understreker det med å seie at dersom du lever med ein funksjonsnedsetjing, ”har du fort lært mye om hvordan du kan være nødt til å omstille deg på sparket, men også hvordan du planlegger for nesten alt i hverdagen. Dette er ferdigheter som kan overføres til å planlegge prosjekter”. Bremnes saknar ein større breidde i stillingsannonser, som ofte berre spør etter utdanning og arbeidserfaring. Han er oppteken av ein arbeidsmarknad som famnar om eit større mangfald, som må rekruttere på ein mangfaldig måte. Bremnes hevdar at for å få til dette, må ein under huden på folk for å vite kven dei er. Ein må finne ut kva potensielle arbeidstakarar kan tilby, ut over utdanning og arbeidserfaring.

### **Artikkel 7**

”Thomas Tvedt synger som en gud”, opnar journalist Cathrine Kahrs artikkelen med, som har tittelen: ”Ressursene vi velger bort” (Kahrs, 2023). Artikkelen blei publisert i tidsskriftet LO-

aktuelt den 18. mars 2023. Tvedt har åtte år med musikkutdanning. Likevel fekk han ikkje jobben som han verka å vere perfekt for, som tilsett ved ein musikk-folkehøgskule. Tilbake til at ”Tvedt synger som en gud”: Tvedt opptredde i songkonkurransen ”The Voice”, og blei valt ut av den tøffaste mentoren. Diskrimineringsnemnda konkluderte med at Tvedt blei diskriminert som jobbsøkar, fordi han er blind.

I tillegg til å fortelle Thomas Tvedt si historie, set artikkelen lys på at over 100000 personar med nedsett funksjonsevne står utanfor arbeidslivet, sjølv om dei ønsker seg jobb. Folk blir diskriminert på bakgrunn av mellom anna kjønn, alder, etnisitet og funksjonsnedsetjingar. Når kvalifiserte folk går glipp av sjansar på arbeidsmarknaden, går samfunnet glipp av store ressursar.

## 4 Resultat og funn

Korleis media teiknar biletet av personar med funksjonsnedsetjingar, er med og legg føringar for lesarane sine perspektiv. ”Å lese mellom linjene” – å prøve å forstå kva som er meint, er ein nyttig innfallsvinkel for å avdekke skjult bodskap i tekstar. Det er også blitt sett på korleis bruk av spesifikke omgrep kan vere styrande for korleis ein tolkar og forstår dei personlege historiene som er på trykk i dei sju artiklane. Utvalet frå dei sju artiklane, er analysert med bakgrunn i omgrepa/temaa: forventning frå arbeidsplassen, funksjonsnedsetjing og intelligens, eksotisering, å falle mellom stolane, generalisering, funksjonsnedsetjing som uutnytta ressurs, og funksjonsnedsetjing som tilleggskompetanse i arbeidslivet.

### 4.1 Oss og dei?

#### 4.1.1 Forventningar på arbeidsplassen

Det er dessverre ei vanleg oppfatning at menneske som har funksjonsnedsetjingar blir møtt med låge krav og forventningar. Slike tendensar er å finne i Utdanningsnytt sin artikkel, med overskrifta: ”Tim (25) står for service, melk og klemmer ved Marienlyst skole” (Vedvik, 2023). Å på ein eller annan måte tenke at personar med nedsett arbeidsevne ikkje meistrar like mykje som andre, kan avdekkast ved å lese mellom linjene på følgjande sitat: ”Tim vil straks begynne med dagens første oppgave, slik han pleier. Tim liker rutiner. Men det skal vise seg at han fint klarer å fortelle mens han deler ut melk i klasserommene” (Vedvik, 2023).

Konjunksjonen *men*, uttrykker først og fremst motsetning eller ulikskap - eine delen står i eit negativt forhold til noko anna. At Tim greier å gjere to ting på ein gong – å arbeide og fortelje, er skriven på ein slik måte at det verkar overraskande at han får til begge deler. Refleksjonen bør dreie seg om ei slik ordformulering hadde hamna på trykk, dersom det var snakk om ein person utan funksjonsnedsetjingar. Kanskje ikkje. Mest sannsynleg hadde det vore fråver av å ordlegge seg på ein slik måte, då det som regel ikkje er særleg overraskande at nokon greier å føre ein samtale på likt som dei utfører ei oppgåve. Her kan ein dra parallellar til Fri Fagbevegelse sin artikkel: ”Bodø/Glimt-fan John-Håkon fikk drømmejobben til tross for utviklingshemming” (Odland, 2023). Allereie i overskrifta kan ein lesa at det er eit motsetningsforhold: *til tross for* har nokolunde same effekt som konjunksjonen *men* – ulike syn som kjem etter kvarandre, vitnar om at noko ikkje passar naturleg saman. Bruken av ”til

tross for” *kan* – sett på spissen - tolkast som om ein person som har ein utviklingshemming, i utgangspunktet ikkje *skal*, *kan* eller *bør* vere i jobb, men at vedkommande fekk seg eit arbeid likevel – mot alle odds. Det er viktig å presisere at dette er ein noko ekstrem, men også lettvind og lite reflektert, måte å tenke på. Poenget dreier seg om at vektlegginga av sjølv utviklingshemminga er uheldig. Å ha ein utviklingshemming vil alltid vere ein del av personen, og derfor ein del av identiteten. Spørsmålet blir om personen først og fremst blir definert ut frå å ha ein utviklingshemming, og at andre eigenskapar må vike eller på anna vis hamnar i bakgrunnen. I verste fall kan det tolkast som om utviklingshemming og arbeid ikkje er ein naturleg kombinasjon. Dersom utviklingshemminga får forrang framføre andre trekk eller kjenneteikn hos individet, kan det hende at ein dreg lite treffande konklusjonar om at personen er anten slik eller slik. Det positive med tittelen er at han startar med å framheve at John-Håkon er Bodø/Glimt-fan. Dette er ei god opning, fordi det blir poengtert at John-Håkon først og fremst er interessert i fotball, og at å arbeide i Bodø/Glimt-butikken er ein draumejobb for han (Odland, 2023). Dessverre risikerer fotballinteressa å hamne i skuggen av at han også har ein utviklingshemming. Både interessefelt og diagnosen utviklingshemming er identitetsmarkørar, då begge delar er med og definerer eit menneske. Refleksjonen bør dreie seg om *korleis* dei definerer.

Eit stykke ned i artikkelen om John-Håkon, står det at han fekk vere med klubben til både Roma og London. Hadde det vore meir heldig å skrive at ”han var med” til Roma, i staden for at han fikk være med? Sjølv om det er små nyanseskilnader i ordbruken, får ordlyden eit noko anna innhald: Sistnemnde – ”han fikk være med” - kan signalisere at John-Håkon ikkje var ein sjølvsgadt del av reisefølgjet, og at han derfor måtte ”be om lov” eller gjere seg ”fortent” til turen. Det må understrekast at døma er sett på spissen, men at formuleringa på ein eller annan måte er med og teiknar ei slags grense (for kven som er med). Det kan oppsummerast med at ”å vere med” tilseier at inkluderinga skjer av seg sjølv, samanlikna med å skrive ”å få vere med”, som kan tolkast som om at det er behov for ei slags ”godkjenning” (Odland, 2023).

#### **4.1.2 Funksjonsnedsetjing og intelligens**

Å tale personar som har ein utviklingshemming og/eller funksjonsnedsetjing si sak, er ein naudsynt kamp, då det krev handlekraft for å forsøke å endre hierarkiet rundt samfunnsbordet.

Dette blir framheva av Tom Tvedt, i Dagens Perspektiv sin artikkel (nr. 4), som har tittelen: ”Se selv: ”jakten på arbeidskraften” (Arbeids- og velferdskonferansen, 2023). Når Tvedt kontinuerleg ”plagar” politikarar og andre som har myndigheit til å gjere strukturelle endringar, er han med og illustrerer at ein meir inkluderande arbeidsmarknad ikkje kjem av seg sjølv, og at denne tematikken må kjempast for heile tida. Å bruke ordet ”plage” kan også vere eit forsøk på humor: No er det politikarane sin tur til å vere i ein eller annan form for belastande eller nedverdiggjande posisjon! Liknande kan skrivast om artikkel 3, som fortel historia om John-Håkon som kapra draumejobben på Aspmyra stadion: ”Flere må være med å motivere mennesker med utviklingshemming til å finne en jobb de kan trives i”, framhevar vernepleiar og kvalitetssjef Ørjan Hinna i stiftinga Helt Med (Odland, 2023). Dette er eit viktig poeng, men ytringa er uansett verdt å stoppe opp ved. At ”flere må være med å motivere”, illustrerer at idealet om å få fleire i yrkesaktiv alder i arbeid, ikkje skjer av seg sjølv. Dette kan tolkast som om utanforståande aktivt må hjelpe til med å finne arbeidsplassar, og å knytte kontaktar med aktuelle arbeidsgjevar. Det er med ander ord behov for folk som kan bidra i rekrutteringa for å få personar med funksjonsnedsetjingar ut i jobb. At desse fleire *må*, vitnar om at realiseringa frå arbeidsløyse til arbeidsinkludring involverer fleire ledd – ei organisering som famnar breitt, med andre ord ei organisering som skjer på systemnivå.

Tilbake til Tvedt, som engasjerer seg i saka for å betre forholda til personar med funksjonsnedsetjingar. Han engasjerer seg gjennom ulike verv og leiarposisjonar, men også på privat basis – Tvedt har ei dotter som er blind. Dottera er ein viktig grunn til at Tvedt ønsker å påverke debatten. Lenger ned i artikkelen står det: ”Lotte Tvedt er blind, men å kalle henne for funksjonshemmet virker ganske rart. Hun er mye smartere enn de fleste, og sikkert enn sin far også” (Arbeids- og velferdskonferansen, 2023). Det er særleg siste setningen som fangar blikket: at ho er mykje smartare enn dei fleste. Dette er ei interessant formulering, då det kan sjå ut som om det blir sett likskapsteikn mellom å vere blind og å ha låg intelligens. Tradisjonelt har funksjonshemming blitt sett på som avvikande eigenskapar hos individet. Det har hatt samanheng med ei medisinsk forståing, der funksjonshemming har blitt forstått som eit resultat av skade eller sjukdom. Etterkvart har denne tradisjonen blitt både kritisert og utfordra, ved at det har blitt retta eit større fokus mot korleis miljøet påverkar individ sin måte å fungere i samfunnet på (NOU 2001: 22, s. 7). Sjølv om det dei siste tiåra har blitt retta auka merksemd på samfunnsmessige barrierar som *årsak* til funksjonshemming, er det



tankevekkande å lese at det framleis er noko vanleg å tenke at ein funksjonsnedsetjing (automatisk) vil seie å ha låge kongnitive ferdigheiter (intelligens).

### 4.1.3 Eksotisering

Morken (2017, s. 74, 75) har interessant refleksjonar om det han kallar *eksotisering*. Han skriv at eksotisering inneber å dyrke eller oppvurdere det framande. Det framande blir ein verdi i seg sjølv. Han fortset med å understreke at det avvikande blir oppfatta som spennande og tiltrekkande, og stiller spørsmålet: Kven har ikkje vore oppteken av å påpeike det gode humøret til menneske med downs syndrom? (Morken, 2017, s. 74, 75). Det er ikkje usannsynleg at ein sjølv har sagt, eller høyrte andre seie, noko i retning av at ”personar med Downs syndrom er så søte og blide”. Spørsmålet til Morken er direkte, men set lys på noko ein bør ha eit etisk medvit om. Det er kjempeviktig å ha eit reflektert forhold til korleis ein omtalar menneske som har ein utviklingshemming. Kanskje det er særleg personar med Downs syndrom som oftast blir snakka om i slike ordvendingar?

Teikn til eksotisering viser seg i fleire av tekstane. La oss begynne med artikkel 2, som handlar om Tim sin arbeidskvardag på Marienlyst skule i Oslo. Til å begynne med: Det er positivt at overskrifta *ikkje* inkluderer downs syndrom: ”Tim (25) står for service, melk og klemmer ved Marienlyst skole” (Vedvik, 2023). Her passar Kirkens Bymisjon sitt slagord: ”Ingen er bare det du ser” – ei påminning om at spesifikke kjenneteikn hos menneske ikkje skal definere dei åleine. Ei utelating av generelle personlegdomstrekk eller eigenskapar ved Tim talar for at det er arbeidskvardagen og arbeidsoppgåvene som er i fokus i avisartikkelen. Det er dette som blir vektlegg i overskrifta: service, melk (mjølkeutdeling) og klemmar er alle døme på typiske arbeidsoppgåver som Tim gjer gjennom dagen. På den andre sida er det noko rart at det i overskrifta vektlegg at han *står for klemmer* ved skulen. Å gi klemmar er ikkje ei tildelt arbeidsoppgåve, samanlikna med å stelle blomar eller å dele ut mjølk. Å klemme handlar rett og slett om kor godt ein likar å klemme eller ikkje – det dreier seg i stor grad om eigne ønske og behov for å vere nær andre menneske. Å klemme gir assosiasjonar til omsorg og nærleik, glede og varme – med andre ord blir gjerne ein ”klemmar” oppfatta som ein koseleg og humørfyllt person, som elskar å vere saman med andre menneske. Ved å setje dette i samanheng med ordbruken elles i artikkelen, ser ein at det står skrive at Tim ”sprer glede”,

etterfulgt av at han ”hilser blidt tilbake til elever og lærer. Det blir noen klemmer også. Han har jo en fantastisk utstråling” (Vedvik, 2023). Kontaktperson på skulen er full av lovord, og understrekar at Tim har mykje å seie for miljøet, då han er så blid og hyggeleg at alle blir glade av eit møte med han. Ho avsluttar med at ”alle skulle hatt en Tim på sin arbeidsplass.” Også rektor på skulen har berre fint å seie: ”Tim er viktig både for de ansatte og elevene. Det er en berikelse å ha ham her. Han er alltid blid og åpen på egne følelser” (Vedvik, 2023). Alt dette er sjølvsgat svært positivt, fordi det illustrerer kor god effekt ein auka praksis om arbeidsinkludering kan fungere. Det er av stor verdi at skulen løftar mangfaldet, og viser elevane ”at alle kan bidra på sitt vis” (Vedvik, 2023). Det interessante ved å vektlegge flotte og fine ord, dreier seg om det kanskje blir teikna eit i overkant idylliserande bilete. Igjen må det poengterast at det er positivt å lese så varmt om Tim og kor mykje både elevar og tilsette ved Marienlyst skule verdset nærværet hans. Liknande ordvendingar kan lesast i artikkel 1, som skildrar Nina sin arbeidskvardag på Kiwi Harestua. Allereie i avisoverskrifta kan det skimtast det som kan tolkast i retning eit eksotiserande perspektiv: ”Nina (26) elsker jobben sin: - hun er en gledesspreder uten like”. ”Hun er en fornøyelse” å ha i arbeid, blir det understreka av sjefen hennar (Bjørkli, 2023). Spørsmålet som melder seg, er om desse formuleringane hadde hamna på trykk, dersom det var tale om ein person utan funksjonsnedsetjingar. Orda står for seg sjølv, i det dei vitnar om at Tim og Nina gjer ein kjempejobb, og at dei spelar ei viktig rolle for trivselen på arbeidsstaden. Når det blir framheva at desse to arbeidstakarane er ”gledesspreiarar” og er ”ein berikelse” for andre på arbeidsplassen, må det ikkje gløymast at dei har stor verdi i seg sjølv som reelle arbeidstakarar. Den generelle ordlyden i artiklane kan tolkast som om det er viktig å framheve at dei er ein berikelse for oss (oss = elevar og andre tilsette på jobben). Dette betyr ikkje at dei ikkje bidrar til eit godt arbeidsmiljø, men poenget handlar om at andre ikkje må ta over deira posisjon og kjensler over å ha ein jobb. Det er her refleksjonen bør tre fram: Tim og Nina skal vere viktige for seg sjølve og for sin eigen del - i kraft av kven dei er, og det dei utrettar.

## 4.2 Å falle mellom stolane

I artikkel 5, med overskrifta: ”Dette er en målgruppe som har falt mellom alle stoler i arbeidslivet” (Skulstad, 2023), blir det tidleg poengtert at menneske med utviklingshemming er ei gløymt gruppe i arbeidslivet. Dette er ei målgruppe som har falt mellom alle stolar i

arbeidslivet, og i praksis vore heilt avskore frå å kunna skaffa seg eit arbeid. Ein svært høg prosentdel av personar som har ein utviklingshemming, er ikkje i arbeid. Dette blir understreka i ein artikkel av Hege Gjertsen. Gjertsen (2022) skriv at ”personer med utviklingshemming er i dag hovedsakelig ekskludert fra ordinært arbeidsliv.” Stiftinga Helt Med vil skaffe dei jobb i den ordinære arbeidsmarknaden.

La oss ta artikkel 5 frå toppen. Artikkelloverskrifta inneheld ei noko uklar ordlegging: ”Dette er en målgruppe som har falt mellom alle stoler i arbeidslivet.” Det første som melder seg, er bruken av ordet *målgruppe*. Her er det nok tenkt at *målgruppe* har som funksjon å referere til menneske som har ein utviklingshemming, og som derfor står utanfor den ordinære arbeidsmarknaden – ei *gruppe* av menneske, om du vil. Spørsmålet blir om ordvalet er treffande for føremålet. Eit googlesøk viser at ein fellesnemnar for å definere omgrepet *målgruppe*, tek utgangspunkt i at ei *målgruppe* handlar om grupper av menneske ein forsøker å komme i kontakt med, med eit spesifikt tilbod, ein service eller ein bodskap (Målgruppe, 2020). Nokre døme kan illustrere dette: Forfattarar har gjerne ei bestemt *målgruppe* i tankane når dei skriv ei bok, som til dømes barn mellom åtte og ti år, hageinteresserte eller eventyrlystne lesarar. Politikarar ønsker å famne veljarar ut frå *målgruppa* sine interesser, ønske eller behov. Klassisk musikk appellerer til eit bestemt type publikum. På bakgrunn av dette bør det stillast spørsmål til om *målgruppe* er eit presist nok omgrep å nytte seg av i denne samanhengen. Felles for bruken av *målgruppe*, er at det ofte er snakk om bestemte kunde- eller klientgrupper - med andre ord grupper i samfunnet som vil nytte seg av bestemte varer eller tenester. I tillegg vil ulike *målgrupper* aldri vere endelege. Det betyr at det ikkje eksisterer tydelege grenser for kven som er *i* eller *utanfor* dei ulike *målgruppene*. Personar med utviklingshemming skal *utføre* noko – eit arbeid. I denne samanhengen blir dette noko annan enn det definisjonen av *målgruppe* famnar – å nytte seg av eit tilbod i ein eller annan form. Dette gir grunnlag for å hevde at ordbruken er upresis, og derfor i svakaste laget.

Overskrifta er tydeleg i formuleringa om at menneske med utviklingshemming har falt mellom alle stolar i arbeidslivet. Dette uttrykket – å dette mellom to eller fleire stolar, er godt innarbeidd i det norske språket. Uttrykket viser til å ikkje passe inn, eller å hamne i ein uheldig eller uavklart situasjon. Sjølv etter å ha lese artikkelen, er det vanskeleg å finne konkrete døme på kva desse ”stolane” er. Forfattaren har nok i tankane at arbeidsmarknaden som heilskap ikkje er inkluderande nok, sidan menneske med utviklingshemming er lågt

representerte i arbeidslivet, og at dei ulike ledda i systemet ikkje er skjerp nok til å famne grupper i samfunnet som står utanfor arbeidsmarknaden.

”Å dette mellom to eller fleire stolar” er eit kjend uttrykk. Ein har ein tendens til å ta det i bruk om *noko* eller *nokon* som ikkje passar inn, blir gløymt eller ikkje rekna med, eller som av ulike grunnar stiller svakt i ein spesifikk posisjon. På denne måten er uttrykket i stor grad dekkande å bruke om menneske med utviklingshemming, og moglegheitene dei har for å få seg arbeid. Likevel svarar ikkje artikkelen tydeleg på si eiga overskrift - refleksjonen dreie seg om ordbruken i overskrifta famnar det ho er meint å famne. Når noko får status som sjølv sagt, gløymer ein etter kvart å stille spørsmål til det som var opphavet til uttrykket. Ein veit kva ”å dette mellom to eller fleire stolar” betyr, men kor ofte *forklarer* ein kva som eigentleg er *meint*? Ein kan risikere å miste noko (av innhaldet) på vegen, om det ikkje blir stilt spørsmål til gjeldande språkbruk. Dette er interessant. Sidan språklege konstruksjonar endrar seg i takt med samfunnet elles, krev språkbruk etisk medvit til korleis ord blir tildelt meining.

#### **4.2.1 Generalisering – er personar som har funksjonsnedsetjingar like?**

Å bruke ordet ”gruppe” om personar som har ein utviklingshemming og/eller funksjonshemming kan ha ein uheldig funksjon, fordi ein risikerer å gå glipp av dei mange variasjonane som er mellom alle menneske. Personar som har ein utviklingshemming og/eller funksjonsnedsetjing representerer stor grad av menneskeleg variasjon. På bakgrunn av dette, er det god dekning for å hevde at det her er snakk om ei heterogen gruppe, noko som gjer at personar med funksjonsnedsetjingar ikkje kan omtalast som ei gruppe. I artikkel 3, trekk talsperson for tilsetjinga gjennom Helt Med fram at ”denne gruppen mennesker blir møtt med holdningen om at de liksom ikke duger, og at arbeidsevnen blir i liten grad vurdert” (Odland, 2023). Med første augekast er det to ting å stoppe opp ved: negative handlingar hindrar fleire i å få prøve seg i arbeid, ved at dei allereie frå start blir møtt med ei oppfatning om at dei ikkje kan jobbe. Det andre, som er hovudpoenget, reit språkleg, er bruken av omgrepet ”gruppe”. Når ordlyden er ”denne gruppen mennesker”, kan ”gruppe” mellom anna referere til ”en samling mennesker som deler bestemte karakteristikk, samhandler med hverandre, aksepterer forventninger og forpliktelser som medlemmer av gruppen, og har felles identitet”

(Gruppe (psykologi), 2022). Fellestrekk i definisjonen handlar om at medlemmane i ei gruppe deler noko felles. Å skrive om menneske med utviklingshemming som òi gruppe, snevrar inn rommet for variasjonar. Dette bryt med forståinga om mangfaldet. Menneske med utviklingshemming eller andre funksjonsnedsetjingar er først og fremst sjølvstendige individ med sine særreigne ulikskapar. Dette kjem fram i NOU 2016:17 (s. 27): ”den intellektuelle funksjonsnedsetjinga utløyser nokre særlege behov som kan vere felles for menneske som har ein utviklingshemming, men ”utviklingshemmede er langt fra en ensartet gruppe.” Den allmenne oppfatninga om at menneske med utviklingshemming er ei heterogen gruppe, blir likevel retta fokus mot - om enn ein del seinare i artikkelen - når det blir understreka at det ikkje er snakk om ei homogen gruppe.

Ei tilsvarande formulering kjem fram i artikkel 4: ”Se selv: Jakten på arbeidskraften”. Ein viktig bodskap i artikkelen er at det er eit mål å betre situasjonen til ”den gruppa” som i realiteten sit lengst nede ved bordet (Arbeids- og velferdskonferansen i Oslo, 2023). Liknande perspektiv kan lesast i artikkel 5: ”Dette er en målgruppe som har falt mellom alle stoler i arbeidslivet”. Ut over tolkinga av omgrepet ”målgruppe” på sidene over, blir det lenger ned i den same artikkelen framheva at den store ressursmangelen i eldreomsorgen er starten på ei varsla krise. ”Disse ressursene er helt fantastiske. Når vi hører hvor godt denne modellen fungerer, må vi legge til rette for at vi kan bruke mye mer av disse ressursene” (Skulstad, 2023). Omgrepet ressurs har ein positiv ordlyd i artikkelen. Det som er verdt å merke seg, er at personane som har fått seg arbeid på ein sjukeheim gjennom stiftinga Helt Med, fleire gongar blir framheva som ressursar. Den gjentakande bruken av ordet kan tolkast som ei generalisering, som kanskje går på bekostning av at personane blir omtalt i eigen person, først *lenger* ned i artikkelen.

### **4.3 Funksjonsnedsetjing som uutnytta ressurs**

Ressursomgrepet har ein positiv ordlyd. Artikkel 5 viser til gode resultat ved fleire norske sjukeheimar som har tilsett personar som har ein utviklingshemming. God respons har gitt mykje merksemd til Helt Med sitt arbeid om å få fleire i jobb, men ein finansieringsplan er avgjerande for at prosjektet skal fungere på lengre sikt. Det blir vektlagd at finansiering og oppfølging bør vere eit statleg ansvar. Eit vedtak frå regjeringa frå mars 2022 tar sikte på ei

mellombels oppfølging for arbeidstakarar som har fått arbeid gjennom Helt Med (Skulstad, 2023).

I samanheng med at ”det kommer til å bli en krise i eldreomsorgen” kan ein lese at ”den jobben disse tre gjør kan ikke omsettes i penger. Det har vært fantastisk å få de her. Alle tre har hver sin fadder på den avdelingen de jobber på, det skaper trygghet for dem og for oss” (Skulstad, 2023). Det er flott at det blir framheva at personar som er tilsett gjennom Helt Med er gode ressursar. Å tilsette nokon som har utfordringar kan ha positive verknader på arbeidsplassen. Eit større mangfald kan bidra til takhøgde og auka trivsel for dei tilsette (Schafft & Spjelkavik, 2014, s. 160). Igjen må ein bli minna om at ein viktig refleksjon i tilsetjinga av nokon som har ein utviklingshemming, er at dei ikkje berre skal vere ein ressurs – ein *berikelse* – for arbeidsplassen og for kollegaar, men at dei også opplever meistring og motivasjon, i kraft av kven dei er og kva dei får til. Som tidlegare vist, kjem det fram at tilsette gjennom Helt Med har ei så god arbeidsordning at det skapar tryggleik for alle, inkludert desse personane sjølve. Då er det fint å lese at artikkelen løftar personane som har ein utviklingshemming sine erfaringar med å vere i arbeid. På slutten av artikkelen kan ein lese om to tilsette sine opplevingar med å ha ein meningsfull jobb som dei stortrivst i. ”Det er ikke så vanskelig å tå tidlig opp når du har en så meningsfull jobb å gå til”, seier ein av arbeidstakarane til avisa (Skulstad, 2023).

Artikkel 8, publisert i LO-aktuelt, er også oppteken av at personar som har ein funksjonsnedsetjing er viktige ressursar i samfunnet. Med overskrifta, ”Ressursene vi velger bort” (Kahrs, 2023), blir det framheva at når kvalifiserte folk blir diskriminerte på arbeidsmarknaden på bakgrunn av å ha ein funksjonsnedsetjing, går samfunnet glipp av store ressursar (Kahrs, 2023).

#### **4.3.1 Funksjonsnedsetjing som tilleggskompetanse i arbeidslivet**

Artikkel 6 i tidsskriftet Handikappnytt, set fokus på viktige utfordringar i spørsmål knytt til arbeidsinkludering for personar med funksjonsnedsetjingar. Tor Andreas Bremnes, dagleg leiar i Inlue AS, eit rekrutterings- og kompetanseselskap, understrekar at funksjonsnedsetjingar i seg sjølv kan vere ein tilleggskompetanse i arbeidslivet. Det er dette som er utgangspunktet og bakgrunnen for tematikken som blir presentert, og for å invitere den

fremste opposisjonsleiaren i Norge i dag, Erna Solberg, leiar for partiet Høgre. Høgre-representantar stilte same spørsmål til ti ulike statsrådar i spørjetimen på Stortinget tidlegare i vår: korleis kan fleire arbeidstakarar med dei rette kvalifikasjonane få jobb? Erna Solberg seier til NTB at dette er eitt av dei store problema, og fortset med at i alle delar av samfunnet er mangel på kvalifisert arbeidskraft ein hovudutfordring. Å få fleire i arbeid vil redusere eit stort samfunnsproblem. Overskrifta til artikkelen: ”Inviterer Erna for å fortelle hvordan funksjonshemmede kan få jobb”, tek opp rekrutteringsutfordringa som ein kjerne i samfunnsproblemet. For få fleire med funksjonsnedsetjingar ut i ordinært arbeidsliv, må funksjonsnedsetjingar bli sett på noko som kan vere ein tilleggskompetanse i arbeidslivet. Bremnes fortel at personar som har funksjonsnedsetjingar ofte må lære å omstille seg på sparket, men også å planlegge for nesten alt i kvardagen. Han understrekar at ein slik fleksibilitet aldri står på CVen, eller blir vektlagd i stillingsannonser. Arbeidsevna treng ikkje alltid vere lågare enn normalt, berre fordi ein person har ein funksjonsnedsetjing. Arbeidsgjevarar bør spørje seg sjølv om det å høyre til ein diskriminert minoritet, slik som å ha ein funksjonsnedsetjing, kan vere ein livserfaring og ein kvalifikasjon i seg sjølv (Likestillings- og diskrimineringsombudet).

## 5 Drøfting

### 5.1 Diskurs i media

Journalistikken blir forma innanfor redaksjonar sine diskursive praksisar. Gjennom praktisk arbeid blir det skapt og utvikla kunnskapar bygd opp av vanar, uvanar, rutinar og framgangsmåtar, som er innarbeidd i redaksjonar og i det journalistiske arbeidet. Det oppstår eit spenningsforhold mellom eit formelt oppdrag, kommunikasjon med publikum, og dei einskilde journalistane si yrkesutøving. Summen av dette formar den sosiale og diskursive praksisen i all journalistisk arbeid (Morlandstø, 2003).

Tekstproduksjon og distribusjon går føre seg ut frå korleis diskursar sirkulerer, endrar seg og blir reprodusert i samfunnet (Skrede, 2017, s. 31). I det kan ein forstå at diskursar er med og dreier samfunnet i bestemte retningar (Skrede, 2017, s. 35). Språklege verkemiddel og samfunnsideologiar og maktrelasjonar er tett vove saman. Språkbruk legg føringar for korleis haldningar kjem til uttrykk (Nafstad, Blakar & Rand-Hendriksen, 2009, s. 150, 151).

Jørgensen & Philips (1999, s. 83) skriv at når journalistar brukar ein diskurs som har god tyngde innanfor ein bestemt medieproduksjon, bidreg dei til å reprodusere mediesystemet. Når det skjer ei gjentakning og stadfesting av hendingar og fenomen på ein truverdig måte, har dette samanheng med språkbruk og språkkompetanse. Diskursar som står seg over lengre tid, som betyr at etablerte sanningar møter lite motstand, handlar om at allmenne oppfatningar som regel har ein innebygd tregheit, med innslag av ein stabilitet som er vanskeleg å endre (Neumann, 2021, s. 50, 78, 84, 85).

#### 5.1.1 Ein direkte appell til personlege erfaringar

Ein direkte appell til personlege erfaringar har med tida fått eit relativt stort nedslagsfelt i moderne journalistikk. Tydelege innspel av individuelle opplevingar og kjensler spelar ei interessant rolle, ved at dei gjerne er nyheitsleiande i kraft av å ha ein folkeleg framtoning. Å få personlege historier på trykk – å gi levd liv, på godt og vondt, eit ansikt, dannar i fleire tilfelle grunnlaget for forståinga av samfunnsmessige fenomen (Eide, 2011, s. 106).

Media er ein sentral aktør i å setje søkelys på sosiale utfordringar. Folk flest har eit relativt distansert forhold til sosiale problem, då problema berre blir direkte opplevd av dei einskilde



marginaliserte minoritetsgruppene. Det kan vere av betydeleg interesse for majoriteten å få innsikt i kva som ”rører seg” i nyheitsbiletet – media er i ein nøkkelposisjon til å gjere oss nyfikne på *det* eller *dei* som er annleis, og som av ulike årsaker avvik frå det som har status som normalt (Halvorsen, 2017, s. 41). Halvorsen (2017, s. 13) viser til Worsley sin definisjon av sosiale problem: ”A social problem is some piece of social behaviour that causes public friction and/or private misery and calls for collective action to solve it.”

Personar som har ei funksjonsnedsetjing, har somme tider ein lei tendens til å bli framstilt i media som latterlege, mistilpassa, patetiske, eller å vere ein byrde som treng medkjensle (Eide, 2012, s. 7, 8). Erfaringar om medierepresentasjon av ulike minoritetsgrupper vitnar om at offerdiskursen ofte kjem til uttrykk, saman med vektlegging av annleisheit framføre likskap, likeverd og normalitet (Eide, 2012, s. 4, 5). Formuleringa - eller klisjeen - å vere ”lenka til rullestolen,” er eit uttrykk for dei utanforståande sine blikk og haldningar om kva det vil seie å bruke rullestol. Personar som sit i rullestol, ser kanskje først og fremst på rullestolen som eit transportmiddel for å auke mobiliteten, som igjen er ei kjelde til fridom og deltaking (Eide, 2012, s. 9, 10). Her viser Eide (2012, s. 12) at det er ein vanleg innfallsvinkel blant journalistar å assosiere funksjonshemming med sjukdom. Dominerande oppfatningar av nedsett funksjonsevne som personlege tragediar, blir med jamne mellomrom brukt i medieframstillingar. Sistnemnde er individualistiske førestillingar som blir tillagt eit upresist innhald, då personlege opplevingar, kontekst og meining ikkje harmonerer. Dette bryt med personar som har ein funksjonsnedsetjing sine egne erfaringar, om at utfordringane dei møter, handlar om utestenging frå fellesskapet. Aktiv påverknadsarbeid gjennom medieinvolvering er av stor betydning for å setje søkelys på at det er problematisk å omtale personar med funksjonsnedsetjingar som sjuke og svake. Det er uheldig når marginaliserte grupper blir omtalt som offer på ein overdriven eller feil måte, dersom dei blir tildelt negative assosiasjonar som dei ikkje kjenner seg igjen i (Eide, 2012, s. 4 og 8).

Ein motvekt til uheldig medieeksponering, viser seg i den ferske fiksjonsserien ”Cammo”, som set fokus på typiske fordommar og haldningar til folk som er annleis, som kjem til uttrykk frå eit majoritetsperspektiv. TV-sjåarar av NRK er i løpet av våren 2023 blitt gjort kjend med ”Cammo”, ein ny norsk serie, som kombinerer humor og alvor på ein god måte. ”Cammo” er influensar og på toppen av karrieren. På same tidspunkt raser alt, og ho går personleg konkurs. Ho må starte livet på nytt, og tar seg derfor jobb som støttekontakt for ei

kvinne som har Downs syndrom. Dette er første fiksjonsserie med ein person som har Downs syndrom i hovudrolla. ”Cammo”, spelt av skodespelar Caroline Glomnes, er manusforfattar av serien. Ho er inspirert av eigne erfaringar, og seier til NRK at ho aldri hadde snakka med nokon som hadde Downs syndrom, før ho jobba som støttekontakt for ei kvinne som hadde det. Glomnes fortel at ”men så møtte eg meg sjølv i døra, og vart bevisst mine eigne fordommar. Det syntest eg var veldig gøy, for eg ser på meg sjølv som ein open og lite fordomsfull person” (Svelstad, 2023).

Frigjering frå majoritetsblikket, eller *synet* i majoritetsblikket, krev styrke (Eide, 2012, s. 12, 13). Gilje og Grimen (2009, s. 114) skriv at det er viktig å få taket på korleis den handlande oppfattar eller definerer ulike handlingssituasjonar. Forfattarane viser til Skjervheim, som formulerer det slik: ”Det (subjektivitetsprinsippet) seier at åtferd må studerast og beskrivast ved hjelp av termar som høyrer til den handlande si situasjonsorientering, hans definisjon av situasjonen, og ikkje (berre) gjennom termar som tilhøyrer sosialvitskapsmannen sin definisjon av situasjonen.” Me må forstå den *handlande* sitt språk, ikkje berre vårt eige (Gilje & Grimen, 2009, s. 114). Vaage (1998, s. 54 og 58) peikar på noko av det same, når han skriv at ”det er å innta andres holdning, snakke med andre og så svare med deres språk. (...) Det er en kommunikasjonsprosess med deltakelse i andres erfaring”

Tysdag 25. april 2023 blir lesarar av tv2.no (Vik, 2023) gjort merksame på at leketøysprodusenten Mattel introduserer si første Barbie-dukke med Downs syndrom. Det blir meldt om at detaljar om kroppsfunksjonar, -fasongar og påkledning er nøye gjennomtenkt for å gjere dokkeserien meir inkluderande. Målet er å produsere dokker som representerer eit større mangfald enn dei opprinnelege dokkene: slanke kroppar med langt blondt hår. Slike medieoppslag har mål om å treffe ei nerve i oss. Private og familiære hendingar har ein tendens til å bli offentlege, ved at tilstrekkeleg mange meiner det er av allmenn interesse å få bukt med det eller det problemet. Ved hyppig eksponering i media, blir ofte sosiale problem til *offentlege* problem (Halvorsen, 2017, s. 16). Eit uheldig utfall kan vere at personar som *ikkje* har kjennskap til eller opplevd liknade, tar eigarskap ved å involvere seg i erfaringar dei ikkje har føresetnader til å forstå. Ekeland (2007, s. 50) viser korleis empati og truverd bør henge saman, når han skriv at ”uekte empati vil bli opplevd som mangel på empati.” Utgreiinga av ”dei andre” blir alltid skapt med utgangspunkt i ”oss sjølv” (Jørgensen & Philips, 1999, s. 64).

Å setje søkelys på det unormale skjer med utgangspunkt i det som blir sett på som normalt og normativt i samfunnet. Då oppstår det eit paradoks i perspektivet på medierepresentasjonar av menneskeleg variasjon (Eide, 2012, s. 18). Korleis medieeksponeringa blir praktisert, illustrerer kva for sosiale konsekvensar gjeldande diskursar er med og skaper (Jørgensen & Philips, 1999, s. 64). Det kan også resultere i at vinklinga eller utfallet av ei sak *i seg sjølv* er eit skapande sosialt problem (Halvorsen, 2017, s.41). Media har makt til å definere noko som problematisk. Å uttrykke misnøye og utilfredsheit retta mot diskriminering som framkallar medkjensle eller avstand, kan fungere som gode strategiar for å få bukt med upresise og lite nyanserte medieoppslag (Eide, 2012, s. 10). Slike utfordringar må takast på alvor, då ein kjerneverdi i all journalistisk arbeid er å ta vare på menneskeverdet (Røssland, 2007, s. 25).

### **5.1.2 Etisk medvit – ansvar og makt**

I følge Vetlesen (2007, s. 25) ”skal det koste noe å handle moralsk; det skal være det mest krevende av alt.” Han fortset med at det aldri er ei avsluttande oppgåve for fridommen at me i ulike situasjonar lar fornufta, heller enn ”dens rivaler,” leie oss til å ta gode val. Mennesket sin fridom er eit naudsynt vilkår for all etikk, for utan fridom kan det ikkje finnast ansvar. Ansvar er viktig i etikk, samt i det moralske livet og i yrkesetikk (Barbosa da Silva, 2006, s. 72).

Etisk medvit spelar ei sentral rolle i all profesjonsarbeid. Etikk er nedfelt i DNAet i det profesjonelle arbeidet med menneske (Hjort, Kristiansen & Barkholt, 2018, s. 11). All medieproduksjon inneber på ein eller anna måte menneskeleg kontakt, og fordrar derfor høge innslag av etisk medvit og ansvarskjensle. Dette gir assosiasjonar til Løgstrup, ein mykje sitert dansk teolog og prest. Løgstrup skriv i hovudverket sitt, *Den etiske fordring* (2008, s. 25), at ”den enkelte har aldrig med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd.” Eit grunnfenomen i menneskenaturen er at liva våre blir vikla inn i kvarandre. Straks to menneske møter kvarandre, oppstår det eit maktforhold, og dermed om den eine sin moglege overmakt og den andre sin avmakt, om å utnytte eller å bli utnytta (Vetlesen, 2007, s. 91). Makt har med andre ord grunnlaget sitt i at menneske er avhengige av kvarandre (Vik, 2007, s. 85). Derfor er maktomgrepet eit relasjonelt omgrep når det blir inkludert i forståinga av den mellommenneskelege samhandlinga. Å ha makt inneber derfor å ha makt over noko

eller nokon (Barbosa da Silva, 2006, s. 247). Makt eksisterer i alle sosiale system. Ho kan vise seg på ulike måtar, og vil alltid vere ein del av relasjonar mellom menneske (Askeland, 2011, s. 28).

Løgstrup viser at det mellommenneskelege samspelet ikkje skjer utan påverknad. Grimen (2008) skriv at kva tillit gjer i relasjonar, byggjer på kva tillitsgjevarar gjer, nemleg å overlate noko i god tru til andre si varetakt. Dialogen mellom journalistar og personar med funksjonsnedsetjingar, bør fordre journalistar til å tenke over sitt eige etiske medvit og vise respekt over menneskeverdet til den andre. Å overvake sine eigne synspunkt og haldningar, kan ha mykje å seie for korleis slike møte blir opplevd, men også korleis medieeksponeringa kjem til uttrykk.

Omgrepet ansvar har sterk samanheng med kva for handlingsalternativ ein vel å nytte seg av. Å stå fritt til å velje mellom ulike handlingsalternativ handlar derfor om at ein kan bli haldne ansvarleg for handlingane sine. Det inneber å bli stilt ansvarleg for eventuelle konsekvensar av handlingsvala, både for sin eigen del, men kanskje vel så viktig ovanfor andre menneske (Svensson & Karlsson, 2008, s. 264).

I tillitsvekkande relasjonar mellom dei profesjonelle og menneske med funksjonsnedsetjingar, får dei profesjonelle tilgang på personleg informasjon. (Svendsson, 2008, s. 137).

Kommunikasjon mellom dei involverte partane vil i utgangspunktet alltid vere asymmetrisk. Det vil seie at den profesjonelle automatisk innehar mest makt, i kraft av den posisjonen han eller ho er i. Å vere i ein maktposisjon, betyr at det er mogleg å bruke posisjonen til å utnytte og misbruke menneska ”som er lagt i våre hender”, for å følge Løgstrup sitt resonnement. Når journalistar kjem i kontakt med publikum, betyr det at dei har makt og ansvar for noko i andre menneske sine liv. Det føreset at *det* som blir sagt og gjort, skal seiast og gjerast (til det beste) for andre. Å sitje med makta, føreset gode kommunikasjonsferdigheiter og empati, innsikt og kunnskap. Det er dette som er kjernen i etikken sin plass i fordringa (Fredwall, 2018, s. 229).

Det er av stor betydning at informasjons- og debattarenaen fungerer som opne og reelle møtepunkt for deltaking (Røssland, 2007, s. 42). Askeland (2011, s. 31) understrekar at når det er fleire syn i ei sak, må mange røyster høyrast, også dei som elles ikkje har ei stemme. Her kan ein sjå parallellar til Habermas og diskursetikken: det er først høg kvalitet i kommunikasjonen når alle involverte partar blir sett på som likeverdige, ved at kvar einskild

får lov til å tale si sak. Menneske som har ein utviklingshemming blir i mindre grad sett på som unike meiningsberande subjekt, ved at deira meiningar blir trekt i tvil. Ein vanleg oppfatning er at desse personane heller blir vurdert som representantar for ein kategori som andre automatisk har gjort seg meiningar om. Det blir stilt spørsmål om deira evne til å tenke rasjonelt på same måte som andre. Derfor har samtalar med personar som har ein utviklingshemming diverre ein lei tendens til å ha innslag av å vere overlegen – å snakke om, i staden for med – som gjer at samtalen ofte får karakter av å vere i ubalanse (Sandvin & Ellingsen, 2014, s. 186, 187). Utan tillit – å ta den andre på alvor – står ein i fare for at personlege møte endar opp i konflikhtar – fordommar eller sympatilause bilete av andre. ”Å ikkje sleppa den andre til inneber ei fornektning av både sitt eige og den andres liv” (Røssland, 2007, s. 95).

Skjervheim (1996, s. 75) er oppteken av at ein skal behandle andre på ein verdig måte. Det er det same som å vere villig til å ta den andre sine meiningar og synspunkt på alvor. Subjektive erfaringar kan vere svært nyttige for journalistar, for å redusere faren for å bli farga av nedarva fordommar og representasjonsformer (Eide, 2012, s. 9). Gode møte mellom journalistar og publikum må gå føre seg, slik som Røssland (2007, s. 88) framhevar, ved at journalistar sine empatiske evner må vere utvikla når dei kritiske møta skjer. Ved at etikk blir forstått som refleksjon over moral, blir etikken ein integrert del av modningsprosessen for sann menneskeleggjering (Fredwall, 2018, s. 226).

Å inneha ein maktposisjon, inneber eit enormt ansvar overfor den eller dei som er svakare stilt. Marginaliserte grupper som stiller svakt i samfunnet, treng somme tider hjelp frå media til å stille spørsmål på eigne vegner overfor styresmakter og andre i maktposisjonar. Sidan media har stor påverknadskraft, kan det vere svært effektivt ”å gå til avisa” for å setje fokus på samfunnsproblem. Når det kjem til idealet om ein meir inkluderande arbeidsmarknad, viser det seg at langt fleire står utan arbeid, eller blir ramma av arbeidsløyse, enn tala som media slår opp (Hernes, 2010, s. 51). Utfordringa med å gi spalteplass til personlege erfaringar, dreier seg i stor grad om kven som har den språklege kompetansen, og som har historier som blir vurdert ut i frå kriterium for nyheitsverdi. I det kan ein forstå at det i nokre tilfelle også er tale om foreldre og føresette, pårørande eller interesseorganisasjonar, som fungerer som eit lag rundt personen som har ein funksjonsnedsetjing. Av og til – kanskje særleg for personar som har ein utviklingshemming, er det behov for pådrivarar som banar veg og snakkar

personen det gjeld si sak. Å inneha gode språkkunnskapar har ofte samanheng med å ha evne til å orientere seg i jungelen av krav, rettigheiter, lover og regelverk. Ved å ha eit nettverk av folk som forstår kva for knappar dei skal trykke på, kan det hjelpe å få historier på trykk til personar som ønsker seg arbeid, eller som har opplevd diskriminering i arbeidssamheng. Dette perspektivet bør takast til ettertanke. Det inviterer til refleksjon over at det eksisterer personlege erfaringar som ikkje blir gjenstand for medieeksponering. Dette vitnar om at ulike former for journalistarbeid i utgangspunktet aldri vil kunna legge fram heilt presise tal – eller gjeldande forståingsformer - om status kring arbeidsdeltaking for personar med funksjonsnedsetjingar.

## **5.2 Diskriminering og arbeid**

Arbeidsløysa er størst bland menneske som har ei utviklingshemming. Personar med utviklingshemming har som regel nedsett arbeidsevne (Gjertsen, 2022) I praksis er dei ekskludert frå arbeidslivet. Arbeid er ein sentral arena for samfunnsdeltaking som personar med nedsett funksjonsevne blir utestengt frå (Tøssebro, 2012, s. 35). Å vere i arbeid har betydning for å kjenne seg integrert i samfunnet. Å stå utanfor arbeidslivet pga. nedsett arbeidsevne kan opplevast ekstra belastande, fordi personen som er stigmatisert kan oppleve å bli tillagt ei rekke negative eigenskapar, som kan spele inn på sjølvbiletet, og korleis vedkommande blir forstått av andre (Mossige, 2009, s. 72).

Lid (2022, s. 231) viser til Nussbaum, som hevdar i boka "Hiding for Humanity" at ingen grupper i samfunnet har opplevd så smertefull stigmatisering som personar som har ein funksjonsnedsetjing. Menneske som har ein utviklingshemming eller andre funksjonsnedsetjingar, har i lange tider opplevd hindringar for å delta i samfunnet ut frå egne føresetnader (Ellingsen, 2014, s. 93). Haavorsen & Hernes (2010, s. 112) skriv at i tillegg til å ha eit generelt behov for å gruppere menneske, er det også ein tendens til å tilskrive grupper spesielle eigenskapar, og å generalisere og forstørre eigenskapane. Forfattarane understrekar at arbeidsgjevarar ikkje er noko unntak: menneske med spesielle problem eller karakteristiske trekk opplever å bli møtt med fordommar. Diskriminering av personar med funksjonsnedsetjingar i tilsetjingsprosessar, blir definert som forskjellsbehandling når

funksjonsnedsetjinga ikkje er til hinder for utføring av arbeidsoppgåver. Dette gjeld også etter tilrettelegging på arbeidsplassen (Bjørnshagen & Østerud, 2021, s. 211).

Menneskeverdet er relevant å sjå i samanheng med korleis menneskerettar kjem til syne i etiske vurderingar om sosiale spørsmål (Barbosa da Silva, 2006, s. 59), og er grunnleggande rettार som alle individ har. Rettane gjeld alle, uavhengig av status og bakgrunn. Det betyr at enkeltpersonar ikkje skal måtte gjere seg fortent til eller gjere seg verdige til å inneha menneskerettane (Høstmælingen, 2010, s. 10-11). Alle menneske har i utgangspunktet lik rett til å delta i samfunnet på eigne premiss. Utfordringane oppstår i det at ikkje alle har det same utgangspunktet – å ha redusert funksjonsevne kan derfor hindre ein person sin moglegheit til full deltaking (Ellingsen, 2014, s. 101). Askheim (2003, s. 140) skriv at kjernen i problemet oppstår når personar ikkje strekk til i møte med eit samfunn som stiller stadig høgare krav.

Askheim set lys på ei viktig utfordring – det er nettopp dette som kjenneteiknar dei strukturelle føringane som samfunnet i dag er bygd opp av: det blir stilt høgare og andre krav no, samanlikna med for berre nokre tiår sidan. Det eine kjenneteiknet ved dagens samfunn som verkar funksjonshemmande, handlar om det som går under namnet *kunnskapssamfunnet* (Ellingsen, 2014, s. 102). Mykje har blitt betre på grunn av framveksten av velferdsstaten. (Ellingsen, 2014, s. 93). Sjølv om det er ei stor og reell utfordring å oppnå integrering for *alle*, er idealet om integrering ei viktig målsetjing i samfunn som bygger på demokratiske prinsipp. Alle menneske har i utgangspunktet lik rett til å delta i samfunnet, men å ha ein funksjonsnedsetjing kan gjere det utfordrande å oppnå full deltaking på ulike arenaer i samfunnet (Ellingsen, 2014, s. 101). Lingås (2013, s. 23) skriv at universell utforming, som dreier seg om utformingar av miljøet som er tilpassa heile befolkninga, er eit viktig tiltak for å redusere samfunnsmessige barrierar og hinder. Morken (2017, s. 64) viser til Befring, som understrekar at samfunnsmessige institusjonar og etablert praksis forsterkar eller bidrar til systematisk eksklusjon og tilsidesetjing. Befring understrekar at det er problematisk når fagfolk som planlegg samfunnsstrukturar, føreset gode evner og høg kompetanse, blir det etablert eit samfunn som fungerer diskriminerande og utstøytande. Høge krav fører til eksklusjon (Morken, 2017, s. 64).

Med auka krav til kompetanse i arbeidslivet, vil funksjonsdiskriminering ramme fleire enn dei som tradisjonelt blei rekna som funksjonshemma. På de andre sida rår det moderne samfunnet

over menneskelege, teknologiske og økonomiske ressursar til å *motverke* utanforskap og marginalisering av grupper (Morken, 2017, s. 64). Dette er viktig å vere klar over, når kjappare omstillingstakt i arbeidslivet i framtida kjem til å gi store utfordringar for dei med låg kompetanse (Glemmestad & Kleppe, 2019, s. 38).

Det er fleire årsaker til at mange personar med funksjonsnedsetjingar ikkje deltar i arbeidslivet. Sentrale utfordringar er manglande universell utforming, stereotypiar, og liten grad av individuell tilrettelegging. Utilgjengelegheit kan i seg sjølv vere ein stor barriere for å få seg arbeid. Eit resultat av å bli møtt med skepsis og negative haldningar, kjem til uttrykk i låg anerkjenning av å ha nytteverdi, dersom arbeidsplassen ikkje har fokus på å skape eit arbeidsmiljø som representerer mangfald. (Likestillings- og diskrimineringsombudet).

### **5.2.1 Å løfte det menneskelege mangfaldet**

For å ha det godt, treng ein å kjenne seg verdsett og respektert. Menneske har ulike dimensjonar av kognitive, psykologiske og fysiske eigenskapar. Eit rikt menneskeleg mangfald er derfor eit naturleg grunnvilkår i alle samfunn. Korleis kvar einskild lever med sine individuelle menneskelege trekk er grunnleggande viktig - særpreg mellom menneske bør løftast fram og anerkjennast – variasjonar gjer oss ulike alle andre, men også likeverdige med alle andre (Lid, 2020, s. 45). Likeverd og respekt for medmenneske, handlar i stor grad om språkbruken som blir nytta. Det er klart at ein del av praksisane som får eit noko uheldig uttrykk, ofte ikkje er meint på ein negativ måte. Frå funna frå avisoppslaga, kan formuleringar som er meiningsskapande innanfor eksotiserings-diskursen, brukast som døme. Her er det ikkje vonde intensjonar om å ha eit nesten overdriven fokus på det som er annleis hos andre. Kanskje er det ulike syn på om det faktisk *er* uverdige å framheve ulikskapane som skil seg ut. Ein manglande refleksjon kan føre til at ein står i fare for å definere individa på ein måte som aukar avstanden mellom ”oss” og ”dei andre”. Det vil seie at å ha eit stort fokus på ein person sine funksjonsnedsetjingar eller eigenskapar, kan føre til at det som i utgangspunktet blir sett på som unormalt, får status som enda meir unormalt. Då passar det med ei påminning om at det som regel blir oppfatta som kunstige å bruke positive verdilada ord om personar utan funksjonsnedsetjingar – *heile* tida. Det oppstår eit paradoks i diskusjonen om å løfte det menneskelege mangfaldet: på den eine sida er det viktig å famne om eit breitt spekter av



eigenskapar, kvalifikasjonar og trekk i variasjonar mellom menneske. På den andre sida er det eit ideal om å normalisere desse ulikskapane. Går det an å realisere normaliseringstankegangen ved å peike på trekk og eigenskapar som gjer skilnad på folk? Dersom omgrep som "berikelse", "gledesspreder" blir teken i bruk svært ofte, risikerer ein at menneske som blir snakka til og om i slike ordvendingar, blir sett på som meir avvikande frå normalen, enn kva dei egentleg er.

Lingås (2013, s. 38) er oppteken av det menneskelege mangfaldet, når han skriv at ein må sjå på alle menneske som handlande, tenkande medmenneske med vilje og eigenverd. Likskap og rettigheit er verdilada omgrep med positivt innhald: kven ønsker ikkje å bli behandla på måtar som kan koplast til slike ord? Morken (2012, s. 78) skriv korleis sjanselikskap dreier seg om å legge til rette for likskap: tilrettelegging på arbeidsplassen fordrar at arbeidsgjevarar ser verdien av å tilsetje personar med variasjonar og ulikskapar. Skal dette realiserast, er ein viktig føresetnad at ei funksjonsnedsetjing ikkje berre blir sett på som eit problem, men også som ein ressurs. Dette bryt først og fremst med den tradisjonelle forståinga av funksjonshemming. Det kan ha samanheng med ei større innsikt i spørsmål om kva funksjonshemming *er*, og korleis samfunnsmessige barrierar kan vere til hinder for einskilde grupper i samfunnet. Refleksjonen bør dreie seg om funksjonshemming i seg sjølv kan vere eit samfunnsskapt fenomen. Forandring og omstilling i samfunnet er kanskje med og endrar tilnærminga til kven som til ei kvar tid blir rekna for å ha ein funksjonsnedsetjing, innanfor dei aktuelle kontekstane individa er ein del av. Det som tidlegare blei sett på som unormale eller avvikande eigenskapar ved individet, blir i dag i større grad vurdert som eit ønska menneskeleg mangfald, som opnar rommet for å vere annleis (Lingås, 2013, s. 38). Dette er eit viktig poeng, som bør inngå i diskusjonen om at arbeidstakarar som har ein funksjonsnedsetjing kan gjere eit godt arbeid, sjølv om dei ofte vil ha behov for rettleiing og god tilrettelegging på arbeidsplassen. Sidan fleir diverre har ein lei tendens til å bli møtt med låge krav og forventningar, er det viktig å ha eit optimistisk syn om at ei funksjonsnedsetjing kan vere ein ressurs på arbeidsplassen. Då må ein må våge å utfordre etablerte tenkemåtar.

## 6 Avsluttande refleksjonar

Noko av bakteppet for å skrive oppgåva, handlar om erfaringar eg har gjort frå forskjellige arbeidssamanhengar. Å ha relasjonar med personar som har funksjonsnedsetjingar – på arbeid, men også privat - har gitt meg ei djupare innsikt om at likeverd og respekt for medmenneske, handlar i stor grad om kva for språkbruk ein nyttar. Eg har i fleire tilfelle hatt ei oppfatning av at omgrepsbruken og måtar å formulere seg på, somme tider blir nytta utan særleg refleksjon over meining og innhald. Ein slik refleksjon har nok litt å gjere med at eg har interesse for språk. Eg synest det er interessant å følgje med på korleis ord og uttrykk blir brukt. Dette har vore med å påverka metodeval for oppgåva.

Eit viktig fokus i å bruke diskursanalyse, handlar om å studere korleis språket definerer kva som er sant. Diskursanalyse har også som mål å avdekke både sjølvsgt makt i språk, men også makt som ligg skjult i språkformuleringar og ordvendingar. Språket er ein vesentleg del i vurderinga av normalitetsprosessar. I analysen kom det fram at det somme tider blir teikna eit i overkant idylliserande bilete av personar med funksjonsnedsetjingar. Dei gjeldande artiklane hadde fokus på personar med Downs syndrom. Ein eksotiserings-diskurs kan vere med å auke skilnaden mellom kven som er normale, og kven som ikkje er det, ved å vektlegge trekk som får status som avvikande får det normale. Andre funn handlar om forventning og krav. Ein ordlyd som: ”til tross for”, men han greier likevel å gjere to ting på èin gong” osb., vitnar om låge forventningar til kva personar med funksjonsnedsetjingar får til, som tilseier at det er vanskeleg å få seg arbeid for personar med funksjonsnedsetjingar.

Slik som det blei presisert i innleiinga, var ikkje utgangspunktet at *arbeid* i seg sjølv skulle vere eit særleg dominerande fokus. Ved å sjå på korleis etikk og moral, menneskesyn og menneskeverd, fordommar og diskriminering blir forma og praktisert ut frå språkbruk og språklege konstruksjonar, har det for eigen del opna for nye måtar å tenke på om vinklinga av temaet. Sidan eg er oppteken av korleis språkbruk blir nytta, har det vore interessant å få auka kunnskap om media sin posisjon i samfunnet, og viktigheita av å alltid lese med vurderande auge.

Når det kjem til eksponering av nyheiter og mediepåverknad, må ein vere oppteken av å alltid inneha eit kritisk blikk til korleis saker kjem til uttrykk. Korleis journalistar vinklar ei sak, kan ha mykje å seie for korleis publikum vurderer innhaldet. Bruk av bestemte diskursar, er med

og skapar ei forståing i samfunnet for korleis personar med funksjonsnedsetjingar er, korleis dei oppfører seg, og kva dei kan. Opparbeiding av kritisk refleksjon og god vurderingsevne er kanskje eit prosjekt som aldri kan fullførast. Eg avsluttar med Skjervheim (1996, s. 163) sine tankar, om at det ikkje handlar om ein reflekterer eller ikkje reflekterer, men om ein reflekterer godt eller dårleg.

## 7 Referanseliste

Arbeids- og velferdskonferansen i Oslo 2023. *Se selv: "Jakten på arbeidskraften"*. Dagens Perspektiv.

Arbeid og utdanning – slik har vi det – livskvalitet og levekår. (2017, 4. juli, oppdatert 2018, 29. august). I Statistisk sentralbyrå (SSB). <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/arbeid-og-utdanning>

Askeland, A. G. (2011). *Kritisk refleksjon i sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.

Askeland, A. G., Oskarsen, E. M. & Undhjem, G. (2011). Holdninger og handlinger – bevisstgjøring gjennom kritisk refleksjon. I Askeland, A. G. (red.). (2011). *Kritisk refleksjon i sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.

Askheim, O. P. (2003). *Fra normalisering til empowerment – ideologier og praksis i arbeid med funksjonshemmede*. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Bakke, E., Berg, E., Harlem, O. K., Heggenhougen, J., Heradstveit, P. Ø. & Vinje, F-E. (Ajourført 1996). Hele Norges Leksikon – bind 4. Hjemmets forlag, i kommisjon hos Libri Arte.

Bakke, E., Berg, E., Harlem, O. K., Heggenhougen, J., Heradstveit, P. Ø. & Vinje, F-E. (Ajourført 1996). Hele Norges Leksikon – bind 13. Hjemmets forlag, i kommisjon hos Libri Arte.

Barbosa da Silva, A. (2006). *Etikk og menneskesyn i helsetjeneste og sosialt arbeid*. Gyldendal NorskForlag.

Berg, B. A. (8. mai 2023). Domene. I Store Norske Leksikon. <https://snl.no/domene>

Bjarne, B. & Gundersen, D. (2005). *Fremmedord og synonymer – blå ordbok*. Kunnskapsforlaget.

Bjørkli, B. (2023, 21. mars). *Nina (26) elsker jobben sin: - hun er en gledesspreder uten like*.

iFinmark. <https://www.ifinnmark.no/nina-26-elsker-jobben-sin-hun-er-en-gledesspreder-uten-like/s/5-81-1772178?key=2023-05-09T11:24:29.000Z/retriever/5eb905ee77b9a0f7653feab6d297611b0e5cb876>

Bjørnshagen, V. & Østerud, L. K. (2021). Diskriminering av funksjonshemmede i arbeidslivet funn fra et felteksperiment og oppfølgingsintervjuer. DOI: [https://doi.org/10.18261/issn.1504-7989-2021-03-04-04open\\_in\\_new](https://doi.org/10.18261/issn.1504-7989-2021-03-04-04open_in_new)

Bråthen, M. & Vetvik, K. (2011). *Personer med nedsatt arbeidsevne – Hvem er de?* Arbeid og velferd Nr 1 // 2011.

Christoffersen, K., Engebretsen, E. & Heggen, K. (2012). En begrepsanalyse av det politiske målet om mangfold. I Engebretsen, E. & Heggen, K. (red.). *Makt på nye måter*. Universitetsforlaget.

Eide, B. S. (2018). Etikk og profesjonsutøvelse eller etikk i profesjonsutøvelse? I Hjort, K., Kristiansen, A. & Barkholt, N. C. (red.). (2018). *Profesjonsetikk – velferdsarbeid for og med mennesker*. Gyldendal Norsk Forlag.

Eide, E. (2012). *Offer, hemmet, aktiv, borger? – Medieerfaringer blant individer med nedsatt funksjonsevne*. DOI: <https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-2012-01-02>

Eide, M. (2011). *Hva er journalistikk*. Universitetsforlaget.

Ellingsen, K. E. (red.). (2014). *Utviklingshemming og deltakelse*. Universitetsforlaget.

Ekeland, T.-J. & Heggen, K. (red.). (2007). *Meistring og myndiggjering – reform eller retorikk?* Gyldendal Norsk Forlag.

Engebretsen, E. & Heggen, K. (red.). (2012). *Makt på nye måter*. Universitetsforlaget.

Faye, R., Lindhardt, E. M. & Ravneberg, B. (2021). Mot en kontekstuell forståelse av

fordomsbegrepet. DOI: <https://doi.org/10.18261/9788215041261-2021-01>

Fjerde statsmakt. (2020, 3. juni). I SNL. Henta 19.04.2023 frå: [https://snl.no/fjerde\\_statsmakt](https://snl.no/fjerde_statsmakt)

FN-sambandet. (2022, 31. oktober). *Berekraftmål 10: Mindre ulikhet*.

<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/mindre-ulikhet>

Forsberg, C. & Wengström, Y. (2012). *Att göra systematiska litteraturstudier – Värdering, analys och presentation av omvårdnadsforskning*. Bokförlaget Natur & Kultur.

Fossheim, J. H. (2022). *Dialog – En filosofisk tilnærming*. Cappelen Damm AS.

Fossland, T. & Thorsen, K. (2010). *Livshistorier i teori og praksis*. Fagbokforlaget.

Foucault, M. (1996) (Original 1966). *Tingenes orden. En arkeologisk undersøkelse av vitenskapene om mennesket*. Aventura Forlag.

Foucault, M. (2008). *Diskursernas kamp*. (Texter i urval av Thomas Götsellus & Ulf Olsson) Stockholm: Brutus Östligs Förlag.

Fredwall, T. E. (2018). *Ansvar og ambivalens – Etikk og omsorg i allmennmoralen, folkeskikken og Løgstrups beskrivelse av den etiske fordring*.

DOI: <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5984-2018-03-04>

Frøyland, K. & Spjelkavik, Ø. (red.). (2014). *Inkluderingskompetanse – ordinært arbeid som mål og middel*. Gyldendal Norsk Forlag AS.

Føllesdal, D. (2020). *I etikkens tjeneste*.

DOI: <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2901-2020-01-04>

Gadamer, H.G. (2003). (Original 1986/1993). *Forståelsesfilosofi – utvalgte hermeneutiske skrifter*. Cappelen Akademisk Forlag.

Gadamer, H.G. (2010). (Original 1990). *Sannhet og metode – grunntrekk i en filosofisk hermeneutikk*. Pax Forlag.

Gilje, N. & Grimen, H. (2009). *Samfunnsvitenskapens forutsetninger*. (13. utg.). Universitetsforlaget.

Gjertsen, H. (2022). *Arbeidslinjen – ikke for personer med utviklingshemming?*  
<https://doi.org/mime.uit.no/10.18261/tfv.25.2.2>

Gjertsen, H., Melbøe, L & Hauge, A. H. (red.). (2021). *Arbeidsinkludering for personer med utviklingshemming*. Universitetsforlaget.

Glemmestad, H. & Kleppe, L. C. (red.). (2019). *Arbeidsinkludering i sosialt arbeid*. Vigmostad & Bjørke.

Gripsrud, J. (2015). *Mediekultur, mediesamfunn*. (5. utg.). Universitetsforlaget.

Grue, L. (2004). *Funksjonshemmet er bare et ord – Forståelser, fremstillinger og erfaringer*. Abstrakt Forlag.

Grue, J. (2014). *Kropsspråk – Fremstillinger av funksjonshemming i kultur og samfunn*. Gyldendal Norsk Forlag.

Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. (2. utg.). Fagbokforlaget.

Habermas, J. (1996). *Diskursetik*. Det lille forlag.

Halvorsen, K. (2017). *Sosiale problemer – en sosiologisk innføring*. (2. utg.). Fagbokforlaget.

Hatland, A. (2018). Trygd og arbeid. I Hatland, A., Kuhnle, S. & Romøren T. I. (red.). (2018). *Den norske velferdsstaten*. Gyldendal Akademisk.

Helsedirektoratet. (2017). *Personer med utviklingshemming bruk av fylkeskommunale og Kommunale helse- og omsorgstjenester*. (Rapport 4/2017). Helsedirektoratet.

Hernes, T., Heum, I. & Haavorsen (red.). (2010). *Arbeidsinkludering – om det nye politikk- og praksisfeltet i velferds-Norge*. Gyldendal Norsk Forlag.

Hestnes, H. (2019, 13. november). *Atekst*. Trøndelag fylkesbibliotek.

<https://web.trondelagfylke.no/trondelag-fylkesbibliotek/tjenester/digitalt/atekst/>

Hjort, K., Kristiansen, A. & Barkholt, N. C. (red.). (2018). *Profesjonsetikk. Velferdsarbeid for med mennesker*. Gyldendal Norsk Forlag.

Høstmølingen, N. (2010). *Hva er menneskerettigheter*. (2. utg.). Universitetsforlaget.

Ihlebak, K. A. (2009). *Folkejournalistikk i NRK – redaksjonelle valg og utøvelse av kontroll*.

DOI: <https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-2009-04-04>

Ihlen, Ø. & Robstad, P. (2004). *Informasjon og samfunnskontrakt – perspektiver og praksis*. Fagbokforlaget.

Jordheim, H. (2010). *Diskursanalyse og spørsmålet om historisk endring – fra diskursive nettverk til temporale sjikt*. (Usikker på årgang/volum/hefte). 65-69.

Jørgensen, M.W. & Philips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Roskilde Universitetsforlag.

Kahrs, C. (2023, 18. mars). *Ressursene vi velger bort*. LO-aktuelt.

Kermit, P., Gustavsson, A., Kittelsaa, A. & Ytterhus, B. (red.). (2015). *Utviklingshemming: Hverdagsliv, levekår og politikk*. Universitetsforlaget.

Kittelsaa, A.M. (2011). *Vanlig eller utviklingshemmet? Selvfølgelig og andres forståelser*.



Fagbokforlaget.

Knudsen, E. (2016). *Når nyhetsrammer og medialisering møtes – hvordan og hvorfor ramme-medialiseringsteori bør integreres tettere.*

DOI: <https://doi.org/10.18261/issn.0805-9535-2016-04-02>

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2010). *Det kvalitative forskningsintervju.* (2. utg).

Gyldendal Norsk Forlag AS

Kvistum, I. (2023, 25. april). Inviterer Erna for å fortelle hvordan funksjonshemmede kan få jobb. Handikapnytt. <https://www.handikapnytt.no/inviterer-erna-for-a-fortelle-hvordan-funksjonshemmede-kan-fa-jobb/>

Lid, I. M. (2022). *Ableisme på norsk – om diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsettelse.* DOI: <https://doi.org/10.18261/nnt.39.3.6>

Likestillings- og diskrimineringsombudet (2017, 4. juli, oppdatert 9 2018, 29. august).

*Funksjonsevne.* <https://www.ldo.no/jobbe-for-likestilling/i-arbeidslivet/tilrettelegging-pa-jobb/nedsatt-funksjonsevne/>

Lingåas, L. G. (2013). *Ansvar for likeverd – etikk i tverrfaglig arbeid med habilitering og rehabilitering.* (2. utg.). Gyldendal Norsk Forlag.

Løgstrup, K. E. (1956). *Den etiske fordring.* Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.

Meld. St.8 (2022-2023). *Menneskerettar for personar med utviklingshemming – det handlar om å bli høyrte og sett.* Det kongelige kultur- og likestillingsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20222023/id2945431/?ch=1>

Midtsundstad, A. (2016). *Aktiv i eget liv – muligheter på ulike livsarenaer for mennesker med utviklingshemming.* Fagbokforlaget.

Moe, A. & Kiik, R. (2011). Integrasjon mellom teori og praksis. I Aga Askeland, G. (2011). *Kritisk refleksjon i sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.

Morlandstø, L. (2003). *I konflikt med oppdraget? – et kritisk blikk på kritisk journalistikk*.  
DOI: <https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-2003-01-03>

Mossige, S. (2009). Identitet, funksjonshemming og arbeid. I J. Tøssebro (red.).  
*Funksjonshemming – politikk, hverdagsliv og arbeidsliv*. Universitetsforlaget.

Morken, I. (2017). *Normalitet og avvik – Spesialpedagogiske utfordringer – en innføring*.  
(2. utg.). Cappelen Damm.

Målgruppe. (2020, 14. januar). I Wikipedia. Henta 13. april:  
<https://no.wikipedia.org/wiki/M%C3%A5lgruppe>

Måseide, P. (2008). Profesjonar i interaksjonsteoretisk perspektiv. I. Molander, A. & Terrum,  
L. I. (red.). (2008). *Profesjonsstudier*. Universitetsforlaget.

Nafstad, H. E., Blakar, R. M. & Rand-Hendriksen, K. (2009). Individualisme og  
fellesskapsverdier i dagens norske samfunn. I Nafstad, H. E. (red.), Blakar, R. M. (red.),  
Vetlesen, A. J., Klemsdal, L., Anderssen, D. I., Ekeland, T-J. & Rand-Hendriksen, K.  
(2009). *Fellesskap og individualisme*. Gyldendal Norsk Forlag.

Neumann, I. B. (2021). *Innføring i diskursanalyse – mening, materialitet, makt*.  
Fagbokforlaget.

Norvoll, R. (2019). Sosiale avvik og sosial kontroll. I Brodtkorb, E. & Rugkåsa, M. (red).  
(2019). *Mellom mennesker og samfunn – sosiologi og sosialantropologi for helse- og  
sosial-profesjonene*. (3. utg.). Gyldendal Norsk Forlag.

NOU 2001:22. (2000). Fra bruker til borger: En strategi for nedbygging av  
funksjonshemmende barrierer. Sosial- og helsedepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2001-22/id143931/>

NOU 2016:17. (2016). På lik linje: åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming. Departementets sikkerhets- og serviceorganisasjon.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-17/id2513222/?ch=1>

Odland, M. A. (2023, 13. mars). *Bodø/Glimt-fan John-Håkon fikk drømmejobben til tross for utviklingshemming*. Fri Fagbevegelse.  
<https://frifagbevegelse.no/fontene/bodoglimtfan-johnhakon-fikk-drommejobben-til-tross-for-utviklingshemming-6.469.944135.bca13db526>

Rogstad, J. & Sterri, B. R. (2018). Passe inn og passe til – Arbeidsgiveres vurderinger av jobbsøkere. DOI: [https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2018-01-03open\\_in\\_new](https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2018-01-03open_in_new)

Røssland, L. A. (2007). *Media og det menneskelege – moralfilosofiske utgangspunkt for Journalistisk etikk*. Det Norske Samlaget.

Sandvin, T. J. (2014). Utviklingshemmet av hvem? I Ellingsen, K. E. (red.). (2014). *Utviklingshemming og deltakelse*. Universitetsforlaget.

Sandvin, J. T. & Ellingsen, K. E. (2014). Utviklingshemming og deltakelse – en avsluttende drøfting. I Ellingsen, K. E. (red.). (2014). *Utviklingshemming og deltakelse*. Universitetsforlaget.

Schafft, A. & Spjelkavik, Ø. (2014). Arbeidsgiveres erfaringer med inkludering. I Frøyland, K. & Spjelkavik, Ø. (red.). (2014). *Inkluderingskompetanse – ordinært arbeid som mål og middel*. Gyldendal Norsk Forlag.

Singh, O. (2023). *Transparens i Foucauldiansk diskursanalyse i utdanningsforskning*. DOI: <https://doi.org/10.18261/npt.107.1.9>

Skjervheim, H. (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Aschehoug.

Skrede, J. (2017). *Kritisk diskursanalyse*. Cappelen Damm.

Skulstad, M. L. (2023, 17. februar). *Dette er en målgruppe som har falt mellom alle stoler i arbeidslivet*. Sydvesten.

Svelstad, O. E. (2023, 16. april). *Katelyn overraska – no blir ho historisk på TV i Noreg*. NRK.

<https://www.nrk.no/kultur/katelyn-overraska--no-blir-ho-historisk-pa-tv-i-noreg-i-serien-cammo-1.16358150>

Svennevig, J. (2020). *Språk og samhandling – innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Cappelen Damm Akademisk.

Svensson, L. G. (2008). Profesjon og organisasjon. I Molander, A. & Terum, L. I. (red.). (2008). *Profesjonsstudier*. Universitetsforlaget.

Svensson, L. G. & Karlsson, A. (2008). Profesjoner, kontroll og ansvar. I Molander, A. & Terum, L. I. (red.). (2008). *Profesjonsstudier*. Universitetsforlaget.

Thomassen, M. (2006). *Vitenskap, kunnskap og praksis – innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Gyldendal Norsk Forlag.

Thorbjørnsrud, B. (2019). Kulturelle fortolkningsrammer. I Brodtkorb, E. & Rugkåsa, M (red.). (2019). *Mellom mennesker og samfunn*. (3. utg). Gyldendal Norsk Forlag AS.

Thornquist, E. (2018). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori – for helsefag*. (2. utg.). Fagbokforlaget.

Tønnessen, S. E. & Tveiten, O. (2013). *Nye medier, nye diskurser, nye prosesser*.

DOI: <https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-2013-03-01>

Tøssebro, J. (2021). *Hva er funksjonshemming*. (2. utg.). Universitetsforlaget.

Tøssebro, J. (2012). *Personer med funksjonsnedsettelse på arbeidsmarkedet – Kunnskapsoversikt og kunnskapsutfordringer*. Mangfold og inkludering. NTNU Samfunnsforskning.

UiT – Universitetsbiblioteket. *E-aviser*. <https://uit.no/ub/ressurser/e-aviser>

Vaage, S. (red.). (1998). *Å ta andres perspektiv – Grunnlag for sosialisering og identitet*. Georg Herbert Mead i utvalg. Abstrakt forlag.

Vedvik, K. O. (2023, 11. februar). Tim (25) står for service, melk og klemmer ved Marienlyst skole. Utdanningsnytt.

<https://www.utdanningsnytt.no/stilling-tilrettelegge/tim-25-star-for-service-melk-og-klemmer-ved-marienlyst-skole/349097>

Vetlesen, A. J. (2003). *Menneskeverd og ondskap – Essays og artikler 1991 – 2002*. Gyldendal Norsk Forlag.

Vetlesen, A. J. (2007). *Hva er etikk*. Universitetsforlaget.

Vik (N. J. (2023, 25. april). Introduserer Barbie-dukke med Downs syndrom. Tv2,

<https://www.tv2.no/direkte/jpybz/siste-nytt/6447d2b9b6e37fef072ad1b8/introduserer-barbiedukke-med-downs-syndrom>

Vik, L. J. (2007). Makt og myndiggjering – utfordringer for helse- og sosialarbeidarar. I

Ekeland, T-J. & Heggen, K. (red.). (2007). *Meistring og myndiggjering – reform eller politikk?* Gyldendal Norsk Forlag AS.

Weihe, W. H. J. (2019). I ditt ansikts sved skal du tjene ditt brød. I Glemmestad, H. & Kleppe, L. C. (red.). (2019). *Arbeidsinkludering i sosialt arbeid*. Fagbokforlaget.

Wahl, T. V. (ukjent årstal/skade på bok som dekker år for utgjeving).

*Den store kryssordboken.* Dreyer Forlag.

Wendelborg, C., Kittelsaa, A. M. & Wik, S. E. (2017). *Overgang skole arbeidsliv for elever med utviklingshemming.* Mangfold og inkludering. NTNU samfunnsforskning.

<https://samforsk.brage.unit.no/samforsk-xmlui/bitstream/handle/11250/2484863/Overgang%2bskole%2barbeidsliv%2bWEB.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Ord: 22511

